

Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar

Redaktør
Einar Schibevaag

Kvinnfolk

Det er brei politisk og folkeleg semje om at samansetjinga i folkevalde forum bør spegle samansetjinga i samfunnet elles. Det skal dessverre mykje til før det blir noko meir enn gode intensjonar.

Ved kommunevalet i 2003 var 3,9 prosent av alle røysteføre i landet ikkje-vestlege innvandrarak. Kvinner utgjør som kjent halvparten av folket.

I desse snart fire åra som har gått, har norske kommunar hovudsakleg blitt styrt av etnisk norske menn. Berre 0,8 prosent av folkevalde i kommunane er ikkje-vestlege innvandrarak, 35 prosent er kvinner.

Kommunal- og regionaldepartementet reknar med at med dagens tempo, vil det enno ta 80 år før det er full kjønnsbalanse i kommunestyra våre.

Kvotering som tema står ikkje ofte på dagsorden i den gjengse norske kommunen. Mest fordi ein del allereie er lovpålagt, slik at ein faktisk ikkje kan ha politiske hovudutval utan å ha minimum 40 prosent av kvart kjønn.

Men i dei fora der ein ikkje har lovpålagt kjønnsbalanse, er det framleis lite som tyder på at ein vil kunne spegle det breie lag av folket før ein innser at kvotering ikkje berre handlar om å velje ei kvinne fordi ho er ei kvinne, men også om å velje ho fordi ho er god.

At kvinner ikkje vil kvoterast eller at kvoteraste kvinner blir oppfatta som eigentleg ikkje gode nok, er haldningar som ein gjer best i å gravleggje før kommunevalet til hausten. Folk er opptekne av kva folkevalde har å melde og kva dei bidrar med, ikkje korleis dei kjem til posisjonen sin.

Alle posisjonar innanfor det politiske Noreg må vere likt tilgjengelege for dei som ønskjer det, slik at folkevalde kvinner og innvandrarak får reell makt, og ikkje berre blir tal i statistikken og utstillingsdokker som partia kan syne fram.

...og bunad

Kvinna Anne Viken frå Sogn og Fjordane er lite begeistra for at heimfylket hennar vel å profilere seg med bunad, fele og fjording.

Medan fylket og kommunane er opptekne med merkevarebygging tufta på gamle tradisjonar, meiner Anne Viken at Sogn og Fjordane treng ambassadørar som kommuniserer med samtida.

Det kan godt vere at det alle fylka og kommunane på vestlandet treng, er ei Anne Viken.

Nynorsk-hooligan

Ved eit par høve her i livet har eg vorte spurd om å seie eller skrive eit kvart gjennomtenkt og velfundert om nynorsken. Slike førespurnader kjem gjerne i kjølvatnet av dårlege nyhende. Kanskje har det vist seg at oppegåande og veltilpassa ungdom frå møblerte heimar konverterer til bokmål straks dei tek til på vidaregåande. Kanskje er det høgare studie eller næringsverksemd som viser seg uråd å sameine med altfor dialektnære former. Kanskje har nokon fått jobb i VG. Dårlege nyhende er det i grunnen flust av i denne bransjen.

I alle fall. Ein vert spurt om å skrive eit kvart hardtslåande som skal få tankelause folk til å ta til vitet. Så ein brettar opp ermene, spissar blyanten og skrid til verket. Med Ivar Aasen og katten hans i ryggen.

Og så sjølvsluttar heile prosjektet etter eit par linjer. Alltid. Det har vist seg umogleg for meg å kome opp med saklege argument for kvifor det er så fortreffelg, dette språket som ein hovdebygding tråva land og strand rundt for å slite saman før unionsoppløysinga ein gong. Eg kjem til kort. Eg vert ståande å vippe på tåballane. Eg vert ståande slik å svaie, sint kanskje, ivrig kanskje - men i alle høve utan kontakt med den delen av hjernen som forvaltar evna til logiske resonnement og danna framferd.

Dei som forventar argument frå mi side, og som ikkje har så mykje til overs for den rådande språksituasjonen her til lands, dei har mykje velfundert å kome med. Det er lygn å seie noko anna. Dessutan står dei sjeldan på tåballane og er krakilske i auga. Oftast er dei snille og gode menneske som snakkar lågt og beherska - ansvarlege borgarar med syn for samfunnsorden og økonomi. Praktiske, ikkje partiske. Ikkje så reint sjeldan er eg glad i dei også. Att på alt.

Og eg kjenner, når eg står framfor slike menneske, at det passar meg utruleg dårleg at nynorsk alltid er noko ein skal argumentere for. Fattar ikkje folk at språk handlar om kjærleik? Har dei aldri opplevd det? Nynorsken hadde vore steindød for lenge sidan om ikkje det hadde med ein rotekte, bankande kjærleik å gjere. Og det går for dengande ikkje an å argumentere for ein kjærleik. Ikkje fordi argumenta ikkje finst, men fordi dei reduserer det heile til noko liknande eit singlande tomt 1800-tals fornuftsekteskap. "Eg elsker deg, Ivar! Det er så opphissande praktisk." Heiane, det skulle blitt meg ein fyrig pardans!

Eg kjenner meg som ein nynorsk-hooligan, tilhøyrande bermen på tribunen, når folk avkrev meg saklege argument. Eg kjenner, til mi forferding, at eg eigentleg har mest lyst å ty til nevene, eller i alle fall riste litt i einkvan. For eg er så inderleg lei det. Eg får ikkje eingong hosta fram at det er min rett å skrive nynorsk. Det er ikkje min rett å skrive nynorsk. Det er meir enn det. Det er din rett å skrive bokmål, kjenner eg trong til å seie - moderleg mildt, med tusen "men" svirrande i lufta. Det har ikkje med rett å gjere.

For som med supporterar flest er det heile i botnen ein glad saus av identitet, lidenskapleg heing og brennande kjærleik. Nynorsk er min klubb. Til verre det går med oss, til meir heiar eg. Det skjerpar. Hjartet bankar hardare. Pennen og fantasien dansar tettare. Og når eg høyrer at oppegåande ungdom skiftar målform når dei skiftar skule, då

vert eg ikkje akademisk lei meg. Eg sit ikkje og gjer meg vemodige tankar om kulturarven, eller reknar på rotasjonane den gode Aasen gjer i grava. Nei, eg vert i grunnen skikkeleg, herleg lei meg. Slik ein vert i fotball og kjærleik. Det handlar ikkje om det som var. Det har med noko bankande og levande å gjere. Eit språk ein ikkje berre hiv i frå seg av praktiske årsaker. Eg får lyst å springe etter dei, desse som hiv det, og som nemnt riste dei litt, på ein human måte og i tråd med alle menneskerettar, men likevel såpass bestemt at dei skjønar teikninga. Eg vil så inderleg ha dei attende, sjølv etter

"Nynorsk er min klubb. Til verre det går med oss, til meir heiar eg."

ikkje såg så stygt ut til tider. Truleg hadde det vore noko tamt. Truleg hadde eg kunna argumentert sakleg. Truleg hadde det kjentest heilt annleis og stillare, det å skrive.

For det er noko rabulerande stimulerande ved å høyre til ein minoritet. Vere Oskeladden mot trollet. Vere David mot Goliat. Vere Hødd mot Rosenborg. Vere liten og levande. Å skrive gjer ekstra godt når ein samstundes heiar. Det gir meir mening å leike seg i eit språk som er pressa frå alle kantar, leike seg lukkeleg varm i kinna og kjenne med heile sitrande seg kva det er godt for, dette språket. Vise for all verda at det bankar saman med hjartet.

Alt dette, samhaldet, sprella og den fandanivoldske trua på språket, det gir min penn og mitt hovud ein god dose sukker. Eg er i grunnen privilegert som får stå slik på tåballane og vippe og kjenne at eg er del av ein pressa språkkultur som lever, som slåst og som skaper. Ein språkkultur som får meg til å ville gaule fritt og vere krakilsk - og som gir meg lyst til å skrive. Det hadde aldri vore slik om det var økonomiske eller fornuftige grunnar som drog lasset. Situasjonen kring språket eg skriv heiar fram sprell, puls og prestasjonar. Heiar fram meg og mitt språkeleg medvit. Eg ville ikkje bytt bort denne posisjonen for noko. Aller minst vil eg forsvare meg og språket mitt. Det er å ta plass langt lenger nede enn eg er villig til å stå, og det har eg no, med denne utbasuneringa, gjort for siste gong.

For å argumentere sakleg - sjå, det er ikkje råd. Mitt argument er leik. Kjærleik, nærleik, språkleik. Eg trur jammen sant eg elsker deg, Ivar.

Teksten bar også stått i Sunnmørsposten

KRONIKKFORFATTAREN

MARIA PARR
Forfatter



Utgjevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk-kommunar (LNK)

Redaksjon:
Toyni Tobekk
Ragnhild Margretha Taranger
Astrid Eidhammer Hjelmeland
Marie Hauge
Sigbjørn Høidalen
Karina Mathilde Hestad

Korrekturlesar:
Ola Hauge

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vatlandsvåg
4235 Hebnes

Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse:
bladstova@lnk.no

Montering:
Norsk Plan A/S -
Astrid Eidhammer Hjelmeland

Trykk:
Sunnhordland
Opplag omlag 6000
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og
kan tingast hjå
LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller bladstova@lnk.no
Pris kr 150 per år.

Utgjevingsplan
8/6, 7/9, 19/10, 7/12

Annonseprisar:
1/1 side kr 17 000,-
(248x360 mm)
1/2 side kr 10 000,-
(248x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 6 500,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.
Tillegg for farge.

Annonser blir å levera
som pdf-fil til:
bladstova@norsk-plan.no

Å KRYSSA EIN FJORD



Å SLÅ EIN TUNNEL Å BYGGJA EIN VEG

Betre kommunikasjonar kan føre til den store skilnaden for kommune-Noreg

Kommunekreditt er kommunane sitt eige kompetansesenter, og aleine eller i lag med andre finansieringskjelder hjelper me til med finansiering av offentleg infrastruktur.

låneopptak • finansstrategiar • samansetning og styring av låneportefølje
bankavtalar • formueforvaltning • selskapsorganisering •
bompengefinansiering

KOMMUNEKREDITT

Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81
e-post: post@kommunekreditt.no
www.kommunekreditt.no



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

•
P.B 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo

•
www.lnk.no

•
info@lnk.no

•
Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

•
Styret:

Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfrid Borge
Kjell G. Helland
Rune Øygard

Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Oddvar Haugland

•
LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

•
LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Høviske ord

Generalsekretær Rune Hetland i Landslaget for lokalaviser (LLA) har lova Åslaug Haga at til hausten skal valdeltakinga opp – i alle høve i dei kommunane som har lokalavis.

Under mottoet "Vi har noko med det" har røynde kurshaldarar reist land og strand rundt dei siste vekene, for å skolera og motivera journalistar før kommunevalet. Målet er å få fleire veljarar til urnene i september og middelet er mellom anna påfyll av kunnskap om korleis kommunane fungerer og nye og uventa vinklingar og vriar på valstoffet. Prosjektet er eitsamarbeid mellom LLA, LNK, KRD og Fagforbundet.

LLA ønskjer å få fram korleis offentlege midlar blir nytta, korleis kommunane prioriterer og kva som eigentleg skil dei politiske partia frå kvarandre. For det er klare politiske skiljeliner i lokalpolitikken og, men desse er ofte vanskelege å få auga på – av og til av di partia ikkje vågar å meina for sterkt.

Partia slit ofte med å få folk til å stilla på listene. Mange av dei som blir spurde seier dei ikkje er opptekne av politikk. Samstundes syner engasjerte lesarinnlegg, overfylde debattsider og tallause blogggar at folk truleg aldri for har vore så opptekne av samfunnet rundt seg. Det som skil dagens engasjerte lesarinnlegg og blogggarar frå debattantane for femti år sidan, er at vi i våre dagar ofte konsentrerer oss om einskildsaker utan å knyta desse opp mot ein ideologi – eit verdisyn. For eit par generasjonar sidan vart også enkeltsaker ofte sett på i lyset frå den ideologiske ståstaden debattanten hadde.

Kanskje er samfunnet blitt så komplekst at det er vanskeleg å ha eit politisk heilskapsyn? Kanskje er dei politiske partia blitt meir utydelege? Kanskje avisene er blitt for utydelege – er økonomien blitt så viktig at dei ikkje vågar å meina noko som kan støta nokon? Lokalaviser som vågar å meina noko vil og skapa engasjement og styrkja lokaldemokratiet. Eg håpar LLA-prosjektet tek fat i slike spørsmål og.

-Lokalavisa skal vera sjølve grunnsteinen i lokaldemokratiet, sa Rune Hetland då kurset vart halde i Bergen. Det er eit tungt ansvar han legg på medlemsavisene sine, men dei ser ut til å ha rygg som tåler børa. Det er flott at lokalavisene tek på seg dette samfunnsansvaret. Landslaget for lokalaviser fortener ros for eit prisverdige initiativ.



Vidar
Høviskeland
er dagleg leiar
i LNK

Notis

Prestisjefyllt pris til Fosse

Forfattern Jon Fosse får Svenska Akademiens nordiske pris for 2007. Prisen får han for framstående innsats innanfor sitt felt.

Prisen blir delt ut årleg til ein kunstnar frå eitt av dei nordiske landa. I fjor gjekk prisen til den danske forfattern Pia Tafdrup.

48 år gamle Jon Fosse er opphavleg frå Hardanger, men bur i Bergen. Nest etter Ibsen er han Noregs desidert mest spelte dramatikar. Fosse er tidlegare heidra med ei rekkje prisar. Han er dessutan utnemnd til fransk riddar og kommandør av St. Olavs orden.

Svenska Akademiens pris er på 300 000 kroner og vil bli delt ut under ein seremoni i Stockholm 28. mars, heiter det i ei pressemelding frå Samlaget



(Foto: Per Heimly)



KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENTET

Nynorskpris for journalistar 2007

Kultur- og kyrkjedepartementet har oppretta ein nynorskpris for journalistar på 50.000 kroner og eit norsk kunstverk. Prisen vert delt ut for andre gong under Dei Nynorske Festspela i Ørsta 28. juni 2007.

Nynorskprisen skal fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre. Prisen går til ein journalist som har utmerka seg med bruk av levande og god nynorsk i media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken status og innpass på nye område.

1. april er fristen for å kome med forslag til prisvinnar. Alle forslag til kandidatar må ha ei kort grunngjeving. Vinnaren vert peika ut av ein ubunden jury, som på fritt grunnlag vel kven som får prisen.

Spørsmål kan stillast til leiar for juryen, Gry Molvær, telefon 73 88 12 00, eller skrivar Magni Øvrebotten, telefon 57 72 42 42. Merk forslaga "Nynorskprisen 07", og send dei til:
Nynorsk mediesenter, boks 100, 6801 Førde, eller på e-post : nynorskmediesenter@nrk.no

Likestilling

”Media er med og held i live påfallande gammaldagse stereotypiar” Marie Simonsen

Mediespråket avslører oss:

Kvinner er unntaket

Ordet «mann» blir nytta tre og ein halv gong meir enn ordet «kvinne» i norske søkbare aviser. – Det seier litt om kor kort likestillinga er komen, seier Marie Simonsen.

TOYNI TOBEKK

Mannen er tilsynelatande framleis hovudaktøren i det norske samfunnet. Kvinna må definerast og kvoterast inn, hevdar professor ved Universitetet i Oslo, Rolv Mikkel Blakar.

- Ordet «mann» blir nytta tre og ein halv gong meir enn ordet «kvinne» i norske søkbare aviser, fortel han. - Samstundes vert ordet «kvinneleg» nytta tre gonger så ofte som ordet «mannleg».

MANNEN ER SAMFUNNET

Blakar er forfattar av boka «Språk er makt» som kom ut første gong i 1973. Nye undersøkingar han har gjort blant norske media dei seinare åra, syner at lite har endra seg på dei 34 åra som er gått. Dette kjem og fram i 2006-utgåva av «Språk er makt».

- Mine funn bekreftar at det framleis er mannen som betyr noko. Det er implisitt at det er ein mann som er hovudaktøren i samfunnet, og viss det er ei kvinne, må det seiast eksplisitt.

Politisk redaktør i Dagbladet, Marie Simonsen, er ikkje overraska over desse funna. - Det seier litt om kor kort likestillinga er komen, seier ho.

- Kvinner er unntaket på mange arenaer enno.

GAMMALDAGS

Simonsen seier media er med og held i live påfallande gammaldagse stereotypiar når ein framleis nyttar termar som «kvinneleg lege», «kvinneleg advokat»



Politisk redaktør i Dagbladet, Marie Simonsen. (Foto: Dagbladet)

og «kvinneleg sjåfør». Ho peiker og på at kvinner i ein intervju situasjon også gjerne får heilt andre spørsmål enn menn.

- Ein kvinneleg leiar blir ofte spurt om korleis ho greier å kombinere jobb og familjeliv, eit spørsmål svært få mannlege leiarar må svare på.

Ansvarleg redaktør i Klassekampen, Bjørgulv Braanen, er samd i at ein langt i frå har oppnådd full likestilling i Noreg. Men han meiner denne saka er meir komplisert enn at ho kan løysast ved å fjerne bruken av til dømes kvinneleg og mannleg.



Redaktør i Klassekampen, Bjørgulv Braanen. (Foto: Janne Lindgren, Klassekampen)

Ein kan ikkje oppheve alle sosiale mønster og ideologiske førestillingar berre gjennom språket.

VIL IKKJE KAMUFLERE

Braanen meiner media generelt har eit relativt bevisst forhold til korleis kvinner og menn blir framstilte i media. - Både kvinnespørsmål og etniske spørsmål blir ofte diskuterte i redaksjonen vår, seier han. Likevel meiner han det ikkje er rett å nøytralisere språket for å vere politisk korrekt.

Når ein bruker ordet «kvinneleg» så gir ein ei tilleggsopplysning. Viss ein tar vekk den tilleggsopplysninga, skal ein vere svært konsekvent og bevisst på kvifor ein gjer det.

MÅ PRØVE NYE FOLK

Skal ein kunne tilnærme seg likestilling i media, meiner Marie Simonsen at journalistar må gå nokre steg vidare i kjeldeinnhenting. - I dag har vi ei grotesk skeivheit i kjeldene media nyttar.

Ho peikar på at kjeldene reflekterer kjønnsbalansen i samfunnet: - Dei etablerte elitekjeldene er stort sett menn.

- Journalistar leiter ikkje etter nye kjelder, men går til det velprøvde, det som dei har sett hos andre, seier ho.

IKKJE OPTIMIST

Professor Blakar meiner trendar i tida ikkje gir grunn til optimisme for framtida når det gjeld likestilling, korkje i media eller i samfunnet elles.

- Dei siste åra har utviklinga snudd og ein ser ein klar tendens til at eit meir gammaldags kjønnsrollemønster breier om seg. Det ser rett og slett ut til at dei unge ikkje har interesse for å gjere noko for å få eit likestilt samfunn.

Notis

Meir makt til kvinner i lokalpolitikken

Innan 2012 skal kvinneandelen i kommuneaktøren sine politiske maktposisjonar auka til minst 40%.

Dette er hovudmålsetnaden til prosjektsamarbeidet; "Mot meir makt – for kvinner i lokalpolitikken. Rekruttering, attval og ny fordeling", der Kommunane Sentralforbund (KS) er oppdragsgjevar.

Aksjonsforskningsprosjektet som tok til i 2006 skal fokusera på og skaffa kunnskap om kva suksesskriterier som er avgjerande for å nå målet om ei balansert kjønnsfordeling til maktposisjonane i kommunane. Vidare skal prosjektet skildra hindringar for jamn kjønnsfordeling.

I tillegg til partia nasjonalt vil aktuelle kvinner og menn i dagens og morgondagens kommunestyre delta i prosessen. Samarbeidspartnarar i forskning er Østlandsforskning (ØF), Arbeidsforskningsinstituttet (AFI), Høgskolen i Lillehammer (HiL), KILDEN og Stiftelsen Kvinneuniversitetet (KvU). Prosjektleiar er dr. polit Ingrid Guldvik frå Østlandsforskning.

Kjelde: www.ostforsk.no/nyheter/

«EG ØNSKJER MEG EIN BARNEHAGE DER DEI VAKSNE LES, FORTEL OG SYNG FOR UNGANE MINE»

Pirion

Ja takk, eg/vi vil tinge eit abonnement på Pirion

Abonnementet kostar 175 kroner (Studentpris: kr 145,-). Nye tingarar får også tilsendt nr. 4/2006. Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.

Namn:

Barnehage:

Adresse:

Postnummer:

Poststad:

Telefon:

E-post:




Pirion er eit kulturelt alternativ i ei tid prega av kommersiell kulturindustri og straumlinjeforma marknadsføring. Pirion kjem med 4 nummer i året: februar, mai, august og november.



www.pirion.no

Du kan og tinga Pirion per e-post: pirion@norsk-plan.no

Likestilling



Kvotering

– framleis kontroversielt

standen mot kvinner som nykommarar i politikken.

FRAMLEIS KONTROVERSIELT

Ingrid Guldvik har vore tilsett som forskar i Østlandsforskning sidan 1996 og vore forskingsleiar sidan 2005. Ho har skrive ei doktoravhandling om kvotering og kjønnsrettferd; "Takt og utakt, sagt og usagt. Kjønnsrettferdighet og kvotering i lokalpolitikken".

- Sjølv om kjønnskvoltering i seg sjølv ikkje nødvendigvis er kontroversielt i 2007 er kvotering til fordel for kvinner framleis det, seier Guldvik. - Når fleire kvinner skal inn i maktposisjonar i politikken, er det nokre menn som må vika plass. Då blir kvotering kontroversielt, held ho fram.

TRENG MANGFALD

Guldvik meiner det er grunnlag for å diskutera kvoteringsordningar også på bakgrunn av etnisitet og andre minoritetsgrupper som til dømes funskjønshemma, så lenge folkevalde forsamlingar er så einseitig samansette som dei er i dag. - Så lenge dei som rekrutterer har oppfatningar og fordommar om korleis nykommarar er, blir ikkje motiverte personar spurt om å ta verv i lokalpolitikken, seier Guldvik. Politiske valde organ vil få større legitimitet når dei representerer ulike grupper i samfunnet.

DÅRLEG FØREBILETE

Men det er ikkje berre på kommunalt nivå at kvinner og ulike etniske grupperingar er i mindretal. Medan kommunale og fylkeskommunale politiske utval er pålagde frå statleg hald å ha minst 40% av kvart kjønn, gjeld ikkje dette for Stortinget. - Det er eit tankekors at det framleis ikkje er nokre bindande reglar for kvotering når det gjeld Stortinget, seier Guldvik. Før vallova vart endra i 2002 var det tendensar til diskusjon om kjønnskvoltering, men den vart lagt død, fortel ho. Per i dag må ein nok sjå langt etter slike endringar. Ynskjer ein meir kvinner

på Stortinget må ein i følge Guldvik byrja på grasrotnivå og toppa listene i kommunevalet i år og i stortingsvalet i 2009. - Partileinga rundt i landet har ein godt høve til å endra dette før valet i haust, understrekar Guldvik.

Notis

Prioriterer kvinner

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) løyver 6 millionar kroner til auka satsing på kvinner og entreprenørskap i 2007.

Midlane skal gå til satsinga på kvinner i næringshagane og til stimulering av kvinneleg entreprenørskap gjennom Innovasjon Noreg og Forskningsrådet.

Kjønn ikkje viktig

- Eg ønskjer at fleire kvinner etablerer nye bedrifter, seier kommunal- og regionalminister Åslaug Haga. - Det er viktig at det finst eit apparat som iveretter potensielle etablerarar der dei måtte finnast, slik at vi bidreg til å skape reelle moglegheiter for busetjing i heile landet.

Ei evaluering av Innovasjon Noreg sine tilskotsordningar gjort av Nordlandsforskning syner at kjønn, bustad og alder ikkje er særskild viktig for kor godt entreprenørar klarer seg. Bedrifter etablert av kvinner greier seg like godt som bedrifter etablert av menn når dei har same tilgang på kapital.

Kjelde: Regionalnytt

Ynskjer ein meir kvinner på Stortinget må ein i følge Guldvik byrja på grasrotnivå og toppa listene i kommunevalet i år og i stortingsvalet i 2009. (Illustrasjonsfoto: Norsk Plan as)

Det er tryggast å rekruttera nokon som liknar ein sjølv, særleg til maktposisjonar, slår Dr. polit i statsvitenskap Ingrid Guldvik fast.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

Det går mot lokalval og statistisk sett vil etnisk norske menn i stor grad dominera vallister og komande kommunestyre rundt om i kommunane. - Det er vanskelig for nye grupper å få innpass i politikken, særskild på lokalt og regionalt nivå, seier Guldvik. - Motstanden mot folk med annan etnisk bakgrunn enn norsk handlar om noko av det same som mot-



- Når fleire kvinner skal inn i maktposisjonar i politikken er det nokre menn som må vika plass, seier Dr. polit Ingrid Guldvik (Foto: Berit Bråten, KILDEN)

Opnar Løland

12. og 13. april blir det offisiell opning av Rasmus Løland-markeringa 2007 – 2011. Opninga finn naturleg nok stad på heimegarden til Rasmus Løland i grenda Vanvik i Suldal kommune.

Skodespelaren Kjersti Sandal skal framføre ein monolog om Rasmus Lølands hemmelege kvinne. Elles blir det song og spel av så vel skuleelevar som profesjonelle songarar og kvedarar.

I samband med den offisielle opninga vil og Suldal kommune dele ut eit kunstnarstipend, og vinnarane av skrivetevinga på nashornet.no bli offentleggjorte.

Gir ut bøker

Forfattaren Rasmus Løland skal markerast både i år, då det er hundre år sidan han døydd, og 150 år etter at han vart født, i 2011. Ein del av jubileumsprosjekta som vert sett i gong i år, skal pågå i alle fem åra. Andre tiltak, slik som nashornet.no, skal vere av meir varig art. Det blir og gjeve ut nye versjonar av bøkene hans i samband med jubileet.

Her frå filmatisering av ei av forteljingane til Rasmus Løland i regi av bachelorstudent Kristin Vold og skodespelarar frå Kulturskulen i Suldal. (Foto: Jan Nordtveit)



Likestilling

Skal vere modell for andre

Vestnes kommune i Møre og Romsdal ligg på verstingtoppen når det gjeld kjønnsbalanse i kommunestyret. Berre 18,5 prosent av dei folkevalde er kvinner.

TOYNI TOBEKK

No er kommunen, som ein av 22, plukka ut til å vere med i prosjektet Utstillingsvindaug for kvinner i politikken.

BETALT BARNEPASS

- Me er ein kommune med mange kvinnearbeidsplassar, så for oss var det naturleg å bruke det som utgangspunkt, fortel rådmann Tone Roaldsnes. I søknaden til departementet har kommunen lagt vekt på korleis dei vil leggje betre til rette for folk som jobbar turnus og som ønskjer å delta aktivt i kommunepolitikken.

- Frikjøp av tid er noko som allereie ligg inne i reglementa våre, men kommunen vil søkje å underbygge dette endå betre. I tillegg vil me sjå på ordningar for skaffing og betaling av barnepass.

KUMULERING

Når LNK-avisa går i trykken, skal partia vere klare med nominasjonen til årets val. Randi Bergundhaugen frå Vestnes Høgre trur at partia har vore ganske bevisste under nominasjonsprosessen. - Ikkje berre har me prøvd å få god kjønnsfordeling, partia har og i større grad enn ved førre valet gitt førehandsstemmer til kvinner så vel som til menn.

I FØRARSETET

Bergundhaugen meiner det er svært viktig at kvinnene kjem på bana, sett i

lys av dei utfordringane kommunen har framføre seg.

- Vestnes har hatt mange offentlege arbeidsplassar i tilknytning til psykisk helse, typiske kvinnearbeidsplassar. No er desse tenestene under nedbygging, og me må erstatte arbeidsplassane med nye.

Planlegging på papiret er ein ting, meiner ho, men det er svært viktig at dei som denne omstillinga vil ramme også sit i førarsetet når avgjersler skal takast.

COACHAR

Eit anna våpen kommunen ønskjer å nytte seg av i kampen om kvinnene, er coaching.

- Det å trene kvinner, anten individuelt eller i grupper, til å ta leiaroppgåver og å ta ordet, er og noko me har sett opp i søknaden, seier rådmann Roaldsnes. Ho understrekar at dette arbeidet skal drivast fram politisk, og at mykje enno er på planleggingsstadiet. Randi Bergundhaugen fortel at kommunen har prøvd ut coaching tidlegare, då med driftsleiarar innan pleie og omsorg, og seier kommunen fekk gode tilbakemeldingar på det.

PERSONLEG TRENAR

Det å til dømes bygge kvinnettverk kan vere god strategi, meiner Bergundhaugen. Men også det å ha ein personleg coach, ein person med teieplikt som du kan vende deg til for råd og rettleiing, trur ho kan vere nyttig.

- Det skal i alle fall ikkje vere praktiske ting eller det at ein kjenner seg utrygg som gjer at ein ikkje stiller til val i Vestnes.



På veg: Vestnes er ein av fleire kommunar som håper å få fleire kvinner inn i lokalpolitikken. (Illustrasjonsfoto: Norsk Plan as)

Dårleg kjønnsbalanse i kommunane

Mennene styrer Kommune-Noreg, og det kan ta nesten hundre år før ein har jamn kjønnsfordeling i politikken. - Ikkje haldbart, meiner Åslaug Haga.

TOYNI TOBEKK

No ønskjer Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer å få fleire folkevalde av hokjønn. 22 kommunar har blitt plukka ut til å vere med i prosjektet "Utstillingsvindaug for kvinner i politikken".

BREIARE VISJONAR

Sju enkeltkommunar og fire kommunenettverk skal fordele dei 20 millionane departementet har sett av til prosjektet som skal få fleire kvinner aktivt inn i lokalpolitikken.



- Å få fleire kvinner inn i lokalpolitikken er eit viktig demokratisk spørsmål, seier Haga.

(Foto: www.regjeringa.no)

Kommunal- og regionalminister Åslaug Haga peiker på at det berre er 17 ordførarar i landet som er kvinner, og

at kjønnsfordelinga i kommunestyra er 35 prosent kvinner og 65 prosent menn. I den takta utviklinga no går, vil det ta 80 år før ein har ei 50-50-fordeling.

- Å få fleire kvinner inn i lokalpolitikken er eit viktig demokratisk spørsmål, seier Haga.

- Fleire kvinner i lokalpolitikken vil sikre større bredde i visjonar og synspunkt.

STORE OG SMÅ

Kommunar i alle storleikar og med høg og låg kvinnetilgjenging i politikken er valde ut til å vere med i prosjektet. Haga seier ho har store forventningar til kva kommunane vil få til.

I alt 66 kommunar søkte om å få delta i prosjektet.

Deltakarar

Kommunane som skal delta er:

Alta, Norddal, Vestnes, Øygarden, Sigdal, Enebakk og Løten.

Kommunenettverka:

Steinkjer, Verdal, Rissa og Osen

Sel, Dovre, Lom og Luster

Hå, Karmøy og Strand

Skien, Siljan, Bamble og Porsgrunn

Kjelde: Kommunal- og regionaldepartementet

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/pressemeldinger/2007/22-utstillingsvindu-for-kvinner-i-loka.html?id=456804>

Likestilling

JORDMOR OG ORDFØRAR

Berre 15 år etter at kvinner fekk stemmerett ved kommuneval her i landet, fekk Utsira kommune i Rogaland landets første kvinnelege ordførar.

RAGNHILD MARGRETHA TARANGER

Jordmor Aasa Helgesen blei vald inn i kommunestyret i Utsira i 1925 saman med 10 andre kvinner. Berre éin mann kom inn. Somme meiner at det var fordi lensmannen triksa litt under opptellinga, for å få ein mann til ordførar. Gustav Hansen som mannen heitte ville ikkje vere ordførar, men jordmora stilte opp. Også blant vararepresentantane var kvinnene sterkt i fleirtal, berre to av tolv var menn.

RETT OG RIMELEG

Sirabuen av i dag likar å seie om denne historia at mennene likevel var ute på fiske store delar av året, så det var berre rett og rimeleg at kvinnene tok seg av styre og stell. Slik kan ein nok også sjå det, men den eigentlege årsaka til valresultatet var ei anna.

Det var berre sett opp ei liste til valet i Utsira, som berre hadde vore eigen kommune i eitt år. På denne lista sto det utelukkande kvinner. Det sitjande kommunestyret rekna med gjenval og laga ikkje noko liste. Somme meiner at kvinnelista var meint som ein spøk, og at veljarane som stemte på kvinnene gjekk ut frå at valet blei omgjort viss kvinnene kom inn. Men sjølv om lensmannen ville forkaste valet, fann verken valstyret el-


ler justisdepartementet nokon grunn til det.

INTERNASJONAL OPPSIKT


Valet vakte stor oppsikt både i Noreg og i resten av verda. Avisene harselerte, vitsa og skreiv om skjorteregime. Kvinneorganisasjonar i både Danmark, Tyskland, Sveits, USA og Mexico sende gratulasjonar.

Aasa Helgesen blei sitjande som ordførar fram til 1928. Frå 1928 til 1980 var det med eitt unntak berre menn i kommunestyret i Utsira. I 1994 blei det sett opp ei byste av jordmora, åttebarnsmora og bondekona som i tillegg til å ta i mot omlag 400 sirabarn, styrde det legendariske kommunestyret på 20-talet.

Aasa Helgesen var Noregs, ja kanskje verdas, første kvinnelege ordførar. (Foto: Kevin Larsen)



Nynorsk mediesenter i Førde er eit kurs- og opplæringscenter for nynorsk i etermedia, drive av NRK. Føremålet er å auke bruken av dialekt og nynorsk i media. Vi skal rekruttere og lære opp ti nynorskpraktikantar i året, og drive kursverksemd om nynorsk og media. No lyser vi etter det sjuande kullet med nynorskpraktikantar.



Nynorskpraktikant i NRK ?

Nynorsk mediesenter tek frå 3. september 2007 inn fem nynorskpraktikantar for opplæring i seks månader. Dei får lære journalistikk for radio, fjernsyn og Internett og nynorsk eterspråk.

Opplæringa skjer i hovudsak gjennom praktisk arbeid i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Dei to siste månadane skal praktikantane ha praksis i andre redaksjonar.

For å bli nynorskpraktikant må du ville bli journalist. Vi leitar etter engasjerte og samfunnsorienterte folk, også med fleirkulturell bakgrunn. Det krevst gode allmennkunnskapar og godt språk, både skriftleg og munnleg. Det er ein føresetnad å ha fullført vidaregåande skule.

Ynskjer du å bli nynorskpraktikant må du sende oss ein skikkeleg søknad med attestar og vitnemål. Vi tilset etter intervju og studio-test. Praktikantane får løn i opplæringstida. Det er inga bindingstid til NRK etterpå, og heller ikkje garanti om arbeid.

Har du spørsmål kan du ringe Magni Øvrebotten på mobiltelefon 970 55 201 eller kontakte oss på nynorskmediesenter@nrk.no

Ynskjer du å bli nynorskpraktikant i Nynorsk mediesenter frå 3. september 2007 må du sende oss ein søknad innan **1. april**.

Merk søknaden : "Nynorsk 02/07"

Nynorsk



mediesenter

Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde
www.nynorskmediesenter.no

www.gasta.no

PRIS FOR GOD SPRÅKBRUK

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) gjev annakvart år ein pris for god språkbruk til ei offentleg verksemd, ei bedrift eller ein einskildperson som har fremja nynorsk språk og kultur.

Prisen skal delast ut i samband med landstinget i Vågå 27. – 29. august 2007.

Tidlegare har Ullensvang herad, Fylkesmannen i Rogaland, Vågå reiselivslag, Sogn og Fjordane Idrettskrins, Fjell kommune, Sunnhordland Interkommunale Miljøverk, Arne Brimi, Lotteritilsynet og Odd Nordstoga fått prisen.

Dersom du veit om nokon som fortener prisen, send forslaget ditt med grunngjeving til:

LNK, Pilestredet 8, 0180 Oslo, eller: post@lnk.no

Frist for innsending av forslag:

20. april



Treig kvinnejakt



Framleis vert norske kommunar styrt av fleire menn enn kvinner. (Illustrasjonsfoto: Sarah Dawn Nichols)

Nett over ein tredjedel av dei norske folkevalde er kvinner. I ei fersk spørjeundersøking svarar knappe 20 prosent av kommunane at dei har konkrete planar for å auka kvinneandelen i kommunepolitikken.

MARIE HAUGE

Norsk Plan i Suldal har spurt 120 kommunar om dei har tenkt å arbeida aktivt for å verva fleire kvinner til lokalpolitikken. Blant dei 58 kommunane som svarta, hadde berre 20 kommunar konkrete planar for korleis dei skal skaffa fleire kvinner i styre og stell.

OVERRASKANDE

- Veldig overraskande at interessa for å få opp kvinneandelen er såpass låg i Noreg, seier kjønns- og samfunnsforskar Mari Teigen ved Institutt for Samfunnsforskning i Oslo.

- Det er stor grunn til å undra seg over at kommunane ikkje jobbar meir aktivt for å få fleire kvinner med i lokalpolitikken. Spesielt når ein tenkjer på at kommunal sektor er ein av dei største kvinnearbeidsplassane i Noreg, seier Teigen.

MANNSDOMINANSEN HEMMAR

Teigen fortel at det klar samanheng mellom innsatsviljen og kva ein klarar å få til når det gjeld å rekruttera kvinner til leiande politiske eller administrative posisjonar. Eit slikt medvite likestillingsarbeid har bore fruktar i staten, og Teigen meiner kommunane bør klara det same.

- Dei aktuelle kvinnelege kandidatane fins der, men kommunane må jobba aktivt og systematisk for å få dei fram, seier Teigen. Ho ser ikkje bort frå at den eksisterande mannsdominansen kan verka hemmande på kvinnerekruiteringa.

- Menn som sit i leiarposisjonar meiner ofte at likestillingsarbeid er mindre viktig. Når arbeidet med å rekruttera kvinner er nedprioritert, forsterkar inntrykket seg. Utan kvinnelige rollemo-dellar i leiarsjiktet søker heller ikkje kvinnene seg dit.

Notis

Fryktar for livet til verneverdige yrke

(NPK): Private skular fryktar at treskjærarar, låsesmedar og bokbindarar kan bli utdøyande yrkesgrupper med forslaget til ny privatskulelov.

Ifølgje det opphavlege lovforslaget får ikkje vaksne over 20 år ta utdanning i såkalla små, verneverdige handverksfag på privatskular. Desse skulane står for nesten all undervisning i slike fag i Noreg.

- Unge menneske har før dei fyller 20 år som regel ikkje nok interesse til å kaste seg på denne type utdanning. Derimot er motivasjonen ho godt vaksne menneske ein heilt annan, seier direktør Grete Horntvedt i Norsk Kulturarv til Aftenposten. Myndigheitene vurderer no innvendingane. (NPK)

Skattedirektoratet beste offentlege nettstad

Skattedirektoratet.no blei nyss kåra til beste nettstad i klassa "offentleg verksamd" under den årlege utdelinga av Farmandprisen. Andreplassen gjekk til Statens Pensjonskasse mens Statens forureiningstilsyn tok tredjeplassen.

I tildelinga er det lagt vekt på innhald, brukarvennleg utforming, tilpassing i forhold til målgruppa, kor synleg sida er på Internett og korleis brukaren opplever nettstaden, heiter det i ei pressemelding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Dei andre klassevinnarane var Hydro (børsnoterte selskap), Flyktninghjelpa (små og mellomstore bedrifter), Jotun (store bedrifter) og Komplett (e-handel).

Opning av den offisielle

Rasmus Løland-markeringa 2007 - 2011

Torsdag 12.april

17.00

Billetsalet til Det Norske Teatret si framsyning "Betre utan ball" av Glenn Belden på Kulturhuset i Suldal startar, gratisbilletter til dei 5 beste nashorna, sjå www.nashornet.no

17.30 – 18.30

Ordførarmottaking på Kulturhuset i Suldal
Smakebitar frå biografien om Rasmus Løland av Ernst Berge Drange
Forteljekunst med tonefyllgje ved Anne Elisebeth Skogen og Tove Solheim
Innslag ved elevar i kulturskulen
Innslag ved elevar i skulane

19.00 – 21.00

"Operaen kommer", Den Norske Opera sin premiere våren 2007 på Kulturhuset i Suldal

Fredag 13. april – Offisiell opning på Løland

11.00

Velkomen til gards ved familien Løland
Offisiell opning ved Fylkesmann Tora Aasland
Ordførar Andreas Drarvik ynskjer velkomen
Styreleiar Roald Bergsaker helsar
Tove Solheim spelar slåttar frå Suldal
Barnekor frå Suldal syng
Kveding ved Karen Wedvik og Edith Ljung
Utdeling av Suldal kommune sitt kunstnarstipend
Kåring og premieutdeling av skrivetevlinga for 8. og 9. trinn
Skodespelar Kjersti Sandal: *Kristina – ei av kvinnene i Rasmus Løland sitt liv*, basert på utdrag frå biografien til Ernst Berge Drange

Hovudmarkering i Suldal 21. mai - 27. mai

Det Norske Teatret med "Betre utan ball" av Glenn Belden, Suldal Kulturhus
Utstilling om Rasmus Løland på Ryfylkemuseet
Lansering av Ernst Berge Drange sin biografi om Rasmus Løland
Fylkesutvalet i Rogaland held sitt møte på Sand

Torsdag 24. mai er fødselsdagen til Rasmus Løland og då vert det stor markering på Sand

Minnetale ved Lars Olav Fatland.
"Lølandkoret" syng
Utdeling av Rogaland fylke sitt Løland-stipend
Presentasjon av nytgjeving av Rasmus Løland ved Det Norske Samlaget
Forteljekunst med tonefyllgje ved Anne Elisebeth Skogen og Tove Solheim
Foredrag ved professor Harald Bache-Wiig
Slåttar frå Suldal ved Tove Solheim
Festkveld på Ryfylke Fjordhotel

Og i dagane fram til 27. mai vert det mellom anna

Litterært kraftverk, med professor Harald Bache-Wiig, professor Åsfrid Svensen, barnebokredaktør i Samlaget Ragnfrid Trohaug og folkemusikken på Hylsstranda ved Ruth Anne Moen og Tove Solheim, alt leia av Ingvar Olimstad
Innslag ved elevar i kulturskulen og skulane
Kulturskulen vitjar skulane med Lølandinspirert kulturarrangement
Opplesingar i biblioteket på Sand
Vandringar i Løland sitt rike
Gudsteneste i Vandvik

Med atterhald om endringar

Meir om programmet og om Rasmus Løland kan du lesa på:

www.nashornet.no

Billetsal: Kulturhuset i Suldal og www.suldal.kommune.no

RASMUS LØLAND – MARKERINGA

SpareBank 1 SR-Bank

Haugesunds Avis

Norsk Plan as

ABC Startside

www.nashornet.no
UNDRANDE
OG SKAPANDE

Digitale verktøy

- utfordrar vaksne og bo

Barnehagetilsette må tileigna seg digital kompetanse for å kunne vera støttespelarar når borna arbeidar med digitale verktøy, meiner lektor ved Høgskulen i Oslo, Nina Bølgan.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

- I dag er det uvisst i kor stor grad digitale verktøy vert nytta i barnehagar, og i tillegg veit me lite om medievanane til småborna, seier Bølgan.

KURSING AV PERSONELL

Fordi datamaskinen, det digitale kameraet, fargeskrivaren og skannaren allereie finst i mange barnehagar, er det viktig å prioritera opplæring av personalet i barnehagar, seier Bølgan.

- Dersom personalet ikkje har kompetansen til å ta i bruk nye digitale verktøy og medium på ein kreativ og kritisk måte, kan datamaskinen lett bli ein sysselsetjingsmaskin. Borna kan lett stivna i stereotype løysingar som igjen kan hindre dei i å utforska og læra.

ULIKE MEDIERFARINGAR

- Barnehagen bør vera ein stad der både born og vaksne er med og skapar mening og kultur, seier Nina Bølgan. Ein kan ikkje lenger berre fokusera på formidling av tradisjonar og kultur frå personalet og besteforeldra sin eigen barndom.

- Barnehagen si kulturutfordring er å vera like opptekne av den kulturen som utviklar seg blant borna, held ho fram.

Ho meiner kulturarven lever i spenninga mellom tradisjon og fornying, slik både den tidlegare og den nåverande rammeplanen seier. Barn i dag veks opp i ei verd som er så ulik frå den vi sjølve vaks opp i, seier Bølgan. Anten me vil det eller ikkje, så tek borna med seg medieerfaringane sine inn i barnehagen. Dersom ikkje barnehagane tek borna si opplevingsverd på alvor, vert det etter hennar mening eit uønskt skilje mellom livet i barnehagen og livet utanfor.



Høgskulelektor ved Høgskulen i Oslo, Nina Bølgan, har skrive temabeftet om «IKT i barnehagen» på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet og arbeider mykje med kompetanseutvikling i kommunane. (Foto: HIO)

MANGELFULL KUNNSKAP

På Utdanningsforbundet sine heimesider (www.utdanning.no) har det vore debatt om bruken av digitale verktøy i barnehagen. Eit av argumenta mot bruk av data i barnehagen er at datamaskinen kan bli nytta som erstatning for barnehagepersonell.

Ifølgje Nina Bølgan er skepsisen til bruk av digitale verktøy størst der personalet har lite kunnskap, og ho understrekar at det er viktig at både førskulelærerutdannarane, førskulelærarstudentane og barnehagepersonellet blir kjende med alt det dei kan nytta dei digitale verktøya til.

- Der kunnskapen er liten om dei digitale verktøya, vil dei ofte bli sett på med skepsis, som trussel mot leiken og at dei ikkje har noko å bidra med i ein pedagogisk samanheng, seier Bølgan.

- For meg er det mest negative dersom ein barnehage har ein datamaskin som berre vert nytta til dataspel og der personalet ikkje er medvitne kva rolle dei har i forhold til nye medier og oppveksten til borna, avsluttar ho.



Ein animasjonsfilm krev mange bilete. Magnus må justera figuren for kvart bilete. (Foto: Steinrøysa barnehage)

Naturleg hjelp

Steinrøysa barnehage på Lillehammer har laga fleire animasjonsfilmar. For ein av filmene har dei vunne "knøtteprisen" på kortfilmfestivalen- og konkurransen Amandus.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

Medan digitale verktøy framleis er fråverande i somme barnehagar, er dei blitt naturlege hjelpemiddel i andre.

Ved Steinrøysa Barnehage på Lillehammer har dei sidan hausten 2003 nytta digitale verktøy, fortel styrar Tove-Merete Simensen.

- Frå å byrja forsiktig med litt spel og bilete, har det bygd på seg, seier ho. I dag nyttar borna data til å teikna (paint), spela, skanna teikningar og liknande. Dei gjer og opptak av song og musikk og nyttar skriveprogrammet Word til å skriva og leika med tal og bokstavar. Sist men ikkje minst lærer borna å ta bilete og redigera desse sjølve. I tillegg har barnehagen laga fleire animasjonsfilmar.

KNØTTEPRISEN

Ein av filmene, "Prinsessa og krokodillen", leverte barnehagen inn til kortfilmfestivalen- og konkurransen Amandus. Lillehammer Filmklubb oppretta i høvet filmbidraget frå Steinrøysa barnehage "Knøtteprisen", og dei unge filmskapskapane fekk diplom og T-skjorter.

Det ligg mange timar bak ein liten filmsnutt. For å laga den prisvinnande filmen, laga borna prinsessa og krokodillen i leire og tok 200 bilete med webkamera. Etterpå spelte dei inn lyd og så var filmen klar.

- Filmene dei har laga, syner dei fram til dei andre borna, foreldre og andre barnehagar, fortel Simensen.

DELING AV KUNNSKAP

- For å kunne jobba i Steinrøysa barnehage må ein og ha positive haldningar til bruk av data og sjå at kunnskapen om data er ein viktig del av barnehagekvardagen, seier Simensen. Dei som kan mykje om data, lærer dei som ikkje sit inne med same kunnskapen.

Men på kva måte nyttar barnehagen det dei lagar med dei digitale verktøya?

IKT i barnehagen

Temahefte

Nina Bølgan har skrive temaheftet om "IKT i barnehagen" på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet og arbeider mykje med kompetanseutvikling i kommunane.

Vil du vite meir om informasjon- og kommunikasjonsteknologi for barnehagesektoren klikk deg inn på: www.lu.hio.no/FLU/barnehagedata.

Animasjonsfilm

Har du lyst å sjå animasjonsfilmen til Steinrøysa barnehage kan du klikke deg inn på heimesida:

www.steinroysa.com

Barn i barnehagen



Er utstyr som digitalkamera, fargeskrivar, skannar, skrivar og teikneprogrammet "paint" noko som borna i barnehagane nyttar dagleg?



(Foto: Steinrøysa barnehage)

emiddel

Simensen fortel at dei nyttar data på foreldremøte, der ein syner fram bilete frå kvardagen til borna og ting som borna har laga. Vidare har dei lysbileteframsyningar som går i garderoben når borna vert henta.

STYRER BRUKEN


På spørsmål om det ikkje blir mykje data i løpet av ein dag svarar Simensen at dei styrer bruken av data på same måte som dei styrer andre aktivitetar i løpet av ein dag.

- Har me eit barn som berre vel data, eller berre vel legoklossar, styrer me dei og over på andre aktivitetar.



Henrik legg inn bileta på datamaskinen og redigerer dei der. (Foto: Steinrøysa barnehage)

Språkråd



Jan Olav Fretland - førsteamanuensis i norsk - medlem av Norsk språkråd.

Er det knoting å snakka nynorsk?

Ja, det meinte eg nok før, men med åra har eg skift syn. Eg trur og me er for krasse når me kritiserer folk som knotar, same kva me legg i ordet. Det er mange andre grunnar enn jåleskap og narreri som gjer at folk legg om språket: automatikk når ein kjem i eit anna språkmiljø, pålegg frå arbeidsgjevar, ønske om å vera meir innanfor i nye miljø, pasienter eller kundar som ikkje forstår osv. Eg hugsar veninna mi frå Nord-Gudbrandsdalen som prøvde å selja ljosståkå i ein sommarjobb på Youngstorg i Oslo. Greidde ho ikkje å seia lysestake, fekk ho finna anna å gjera, sa sjefen! Lat meg spikra opp nokre språknaggjar, for å finna ut kva val me har:

- Du kan vera den store Dialektbrukaren i alle samanhengar, og mange er det, prøver iallfall å vera det. Me er jo heilt spesielle i Noreg på dette punktet, og språkforskarar frå mange land har peikt på kor privilegerte folk i distrikta i Noreg er, samanlikna med andre land. Det er og sterk justis på dette i Distrikts-Noreg. Høyr berre kor folk klagar over at fotballkjempe Frode Grodås har austlandsk tonefall når han snakkar i radioen. Somme grensar mot å vera direkte intolerante mot den som endrar språk.

- Bjartmar-språket er eit anna alternativ: Du legg heilt om til bokmål, men held på tonefallet frå dialekten. Politkar og NRK-sjef Gjerde vart vidgjeten, men ikkje i positiv forstand, for denne språkforma. Tydeleg var han, iallfall!

- Knoting tenkjer eg på meir som det å vera språkleg usikker: at ein blandar dialekt og bokmål litt på slump, utan at ein tenkjer spesielt over det. Vestlendingen som har flytt til hovudstaden og fått ny jobb med mykje bokmål, er den mest utsette her. Eg nemnde Frode Grodås. Lat meg og ta med generalsekretæren i Frp, Geir Mo frå Lærdal, som held på ein del av Lærdals-målet sitt, men blandar det solid med partikontorbokmål. Eg vil ikkje kritisera knot, dei fleste som flyttar til nye stader og nye jobbar, er utsette for å knota.

- Kunstnynorsk kallar eg standard-språket på Det norske Teateret. Ragnhild Sæltun Fjørtoft er ein flott representant for denne språkforma. Mange meiner at nynorsk tapar på at det ikkje er meir å høyra av den normerte nynorsken i media.

- Eg vil slå eit slag for dialektbrukaren som forsiktig normerer mot nynorsk. Det blir lett til at når ein får ei ansvarsfull stilling i Tigerstaden, kjem det mykje bokmålsknot i dialekten vår. Derfor treng me nynorsken til støtte, nynorsken er jo laga som ein samnemnar for dialektane. Høyr på Liv Signe Navarsete eller Tone Damli Åberge. Dei får til dette. Så når tunge bokmålsord siv inn gjennom sprekkene i dialekten vår, må me ha nynorsken å stø oss på. Då styrer me unna bastardar som: Mi mao ta ein beslotning no, og seia det enkelt og nynorsk: Mi mao avgjera detta no.

Nei, det er ikkje knot å snakka nynorsk.

PORTRETTE

Politikk,

Dei toppar kvar si politiske liste til kommunevalet, men er ikkje usamde om særleg mykje.

TOYNI TOBEKK

Solfrid Borge (Sp) er ordførar i Ullensvang herad og vil gjerne halde fram med det også etter valet til hausten. Reidun Rasmussen Mjør (H) håpar derimot at det er ho sjølv som styrer heradet i neste periode.

TAR ANSVAR

Engasjement og ansvar for bygda og samfunnet må vere ein vesentleg del av det å leve i Ullensvang, meiner Borge og Mjør. Sistnemnde meiner det ikkje går an å sitje på sidelina og syte og klage. – Eg vil ta ansvar i lokalsamfunnet mitt.

Borge strekar under at politikk på kommunalt nivå faktisk handlar om å få ta tak i og gjere noko med heilt konkrete saker som ein bryr seg om.

GUL STRIPE

Dei har baa sine fanesaker som dei brenn ekstra for. Gul stripe i vegen, til dømes. – Samferdsel er ein evig kamp og ein viktig kamp, seier Solfrid Borge. – Berre to prosent av stamvegen vår, RV 13, har standard som svarar til riksveg.

”Det er ikkje sikkert at Ullensvang skal tilpasse seg dei ekstremt urbane.”

Reidun Rasmussen Mjør (H)

No håpar ho at det vil skje ting i kjølvatnet av Hardangerbrua. – Målet er gul stripe i midten av heile RV 55 og RV 13.

Reidun Mjør er oppteken av akuttberedskap. – Ei evig bekymring for oss som bur såpass avsides, seier ho. – Me må berre ta godt vare på beredskapen med Odda sjukehus, hjå ambulansetenesta og legevakta.

INDUSTRI FOR MANGE

Ullensvang er ein av sju kommunar i Hardangerregionen.

– Eg ser at me er blitt mykje meir bevisste på regiontanken i denne perioden, seier Solfrid Borge. Regiontanken handlar mykje om at det som gagnar kvar einskild kommune også gagnar regionen, og omvendt, meiner Ullensvangordføraren.

– Produksjon av flaskevatt i Hovland er eit

godt døme. Her har ein fått mange industriarbeidsplassar som kjem både Ullensvang og kringliggjande kommunar til gode.

VIKTIG MED REGION

Reidun Mjør meiner og trur det blir meir og meir viktig å samle seg i regionen. – Omverda er lite oppteken av enkeltkommunane.

– Statlege arbeidsplassar i Ullensvang er eit vesentleg pluss for Hardanger som region.

Mjør har sjølv vore med og jobba fram Statens Kartverk sitt kundesenter for tinglysing og register for burettslagshusvære i Ullensvang, ei satsing som tilførde kommunen og regionen 43 nye arbeidsplassar i 2006.

DELE, IKKJE KONKURRERE

Samarbeid på tvers av kommunane er ein vesentleg del av det å vere ein region, meiner Borge. I Hardanger har ein det interkommunale selskapet

Hardangerrådet som har samla seg om merkevara Hardanger symbolisert gjennom åttebladrosa, ein har Reismål Hardangerfjord som samarbeider om marknadsføring av dei sju kommunane.

– Dei fleste kommunar merker at det er vanskeleg å rekruttere fagpersonell, seier Borge. – Kjøp og sal av tenester på tvers av kommunegrensene gir gode løysingar.

Mjør er samd. – Det å dele på ressursane i staden for å konkurrere om dei beste folka er den rette vegen å gå.

ORDFØRAR

Solfrid Borge har vore ordførar i snart fire år. Kvinneleg ordførar i eit mannsdominert kollegium. – Eg registrerer at det er eit anna fokus på det kvinnelege politikarar førete seg, og eg trur nok at det blir stilt andre krav til oss ute blant folk.

Som politikar opplever ho at til dømes media og veljarane har forventningar til kva ho som kvinneleg politikar skal gjere og meine. Kvinner må vere ryddige, ordentlige og korrekte. I alle fall trur Borge at mange kvinner trur det er slik. Sjølv reflekterer ho ikkje så mykje over kjønnsfordeling i kvardagen. – Eg har ein jobb eg er sett til å gjere. Slik trur eg og kollegene mine tenkjer.

Reidun Mjør er heller ikkje spesielt oppteken av, eller oppdratt til, å forholde seg til kjønn, men seier ho vil bli vald fordi ho har fått tillit internt i partiet sitt og fordi ho er vurdert som kvalifisert til det ho skal gjere. – Men eg har bakgrunn frå ulike bransjar, og ser at det framleis er ein del skilje mellom kjønna.

SLIT MED REKRUTTERING

Likevel – Ullensvang herad er ikkje betre enn andre kommunar når det gjeld å rekruttere kvinner til politikken. Heradsstyret består av 18 menn og tre kvinner. Både Mjør og Borge

medgjer at kommunen og partia har ein stri jobb med å rekruttere unge, kvinner og folk med innvandrarbakgrunn.

– I Senterpartiet har me vore heldige å få nokre ungdommar med, seier Borge. – Ungdommen i dag er så uredde, så vane me å stå fram og snakke, tenk på kva me på vår alder hadde som utgangspunkt.

”Ungdommen i dag er så uredde, tenk på kva me på vår alder hadde som utgangspunkt.”

Solfrid Borge (Sp)

FØRGUBBING

Samtidig innrømmer ho at det blir litt forgubbing i eige og andres parti. Paradoksalt nok så er det mange gamle som ønskjer å trekkje seg, meiner Sp-ordføraren, men dei føler ansvaret for partiet så lenge ingen nye

står klare til å ta over.

Mjør trur dei garva politikarane ikkje har vore flinke nok til å ta ungdommen med og lemme dei inn i organisasjonane. I tillegg trur ho mange har litt unødvendig mykje respekt for kva det vil seie å vere politikar. – Det ville vore flott å få fleire nye folk som kunne vore med og ufarleggjort politikken.

GODE NETTVERK

Ein ting er å rekruttere folk til politikk og organisasjonsliv. Men kva med å dra folk til kommunen – og behalde dei?

– Dei praktiske tinga, som arbeid, bustad og barnehage, må vere på plass, spesielt for dei som ikkje kjem hit for å ta over heimegarden eller liknande, seier ordføraren. Møteplassar og eit godt kulturliv er også viktig, og Borge har tru på at unge folk som kjem til regionen er gode på å bygge seg nettverk.

URBANT IKKJE NOKO MÅL

Reidun Mjør har god erfaring med arbeidsrekruttering. I prosessen med å bygge opp ein statleg arbeidsplass

Fakta

Hardanger-regionen består av dei sju kommunane Granvin, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Jondal, Ullensvang og Odda. Ullensvang herad har om lag 3 400 innbyggjarar og er Noregs største fruktkommune.



Reidun Mjør (H) er fersk i politikken. – Mannen min var rådmann i Ullensvang tidlegare, og då var det ryddigast av meg å halde meg vekke. Men no er eg veldig klar. Ordførar Solfrid Borge (Sp) tar gjerne ein periode til i ordførarsetet. – Me har fått til ein del i Ullensvang allereie, og eg vil gjerne vere med vidare. (Foto: Toyni Tobekk)

i Disktrikts-Noreg har ho gått mange rundar med folk som ønskjer å jobbe og bu i Hardangerregionen.

– I Statens kartverk har me tilsett folk i ein planlagt rekkjefølgje. Først fekk me på plass dei lokale, dei som budde i regionen frå før. Så fekk me inn

folk utanfrå som på ulike vis kanskje har nettverk og krinsar dei høyrer heime i i regionen og personar som har eit bevisst ønske om å bu i eit lite lokalsamfunn.

Dei vanskeligaste meiner Mjør er dei som vil halde fram med å dyrke by-

livet. – Det er ikkje sikkert at Ullensvang skal tilpasse seg dei ekstremt urbane. Det er betre å vende seg til dei som ønskjer å vere ein del av det me allereie har og som set pris på dei kvalitetane me er gode på.



Namn: Solfrid Borge
Alder: 47

Bur:

Yrke: Tilsett i administrasjonen i Ullensvang herad, ordførar denne perioden.

Aktuell som: Har takka ja til gjenval som ordførar for Senterpartiet.

Politikar fordi: Det er utruleg spennande og lærerikt å vere folkevald. Ein får kjennskap til kommunen på eit unikt vis.

Politisk budskap:

Gul midtstripe på rv 550 Utne-Odda, rv 13 Odda-Ullensvang, rassikring og oppretthalde ferjesambandet Kinsarvik-Utne-Kvanndal som i dag.



Namn: Reidun Rasmussen
Mjør

Alder: 43

Bur: på Utne

Yrke: Seksjonssjef i Statens kartverk i Ullensvang

Aktuell som: Ordførarkandidat for Høgre ved kommunevalet til hausten.

Politikar fordi: Ullensvang står overfor mange utfordringar og går ein spennande periode i møte. Det vil vere ein fin fase å delta i.

Politisk budskap: Me må arbeide aktivt for å skaffa og leggje til rette for oppretting av nye arbeidsplassar, og sikre levestandarden for eksisterande verksemder. Me ynskjer at heradet skal vere ein aktiv pådrivar og initiativtakar i næringslivsspørsmål.

Oppgjer med bunadseliten

Journalist Anne Viken meiner Sogn og Fjordane må bli kvitt det nasjonalromantiske bunadsimaget sitt. Ho vil at unge og oppdaterte folk tek over marknadsføringa.

AV SIGBJØRN HØIDALEN

Den utflytta sunnfjordingen Anne Viken har skapt debatt i heimfylket etter eit lesarinnlegg i regionavisa Firda og ein to siders kronikk i Klassekampen. Kronikken avsluttar ho slik: "Mobiliser oppdaterte menneske som følgjer med i tida, lag eit stort bunadsbål på festplassen i Førde og slakte eit par fjordingmytar."

- Kva har gjort deg så opprørt, Anne Viken?

- Utgangspunktet mitt var tv-sendinga frå 70-årsfeiringa til kongen der Sogn og Fjordane fylke hadde sendt eit brurefølge med 60 bunadskledde kvinner og menn. Å nei, ikkje no igjen, tenkte eg. No fortener me snart å sjå eit opptog frå Sogn og Fjordane som peikar framover, forklarar ho.

BUNADSELITEN

Viken går særlig til åtak på herskande haldningar i fylkeskommunen, reiselivsnæringa og kulturlivet.



Journalist Anne Viken har skapt debatt om korleis marknadsføre Sogn og Fjordane. (Foto: Anne Viken)

Visste du at det einaste nynorsk-hotellet i Oslo også er nyrenovert?

Alle tilsette i LNK-kommunar får sjølvstilt LNK-pris. Frå 730,- per natt og Flybussen rett til døra!



Velkommen til kulturhotellet i Oslo sentrum!



Hotell Bondeheimen

Rosenkrantzgate 8, 0159 Oslo
Tlf: 23 21 41 00
booking@bondeheimen.com
www.bondeheimen.com

- Når nokon uttalar seg om Sogn og Fjordane offentleg, blir det alltid veldig traust og tradisjonelt. Om det skal bli attraktivt for unge folk å slå seg ned, må fylket stå fram som noko anna enn ein kostymekoloni for nasjonalromantikarar og turistar.

"Bunadseliten" er merkelappen Viken, frå sin posisjon som journalist og veterinærstudent i Oslo, klisjerar på dei etter hennar meining så trauste talskvinner og talsmenn vest for langfjella.

- For å sitere eit spørsmål frå ein av bloggane til

Firda: Er bunadseliten i Sogn og Fjordane så mykje farlegare enn kultureliten som sit i Oslo og skriv i Morgenbladet?

- Kultureliten i Oslo fornektar i alle fall ikkje samtida, meiner ho.

SAMTIDSDIALOGEN

Tal frå Statistisk sentralbyrå syner at berre kring 55 prosent av innbyggjarane i Sogn og Fjordane bur i byar og tettstader, som gjer fylket til det minst urbane

saman med Oppland og Hedemark. I fjor sank folketalet med 456 personar, medan Noreg samla opplevde den største folkeveksten nokosinne. Det er ein av grunnane til at Viken ropar alarm.

- Fylket treng ambassadørar som kommuniserer med samtida. Det er nok

av gode føredøme. Eg kan nemne klesmerkeproducenten Moods of Norway i Stryn, designarverksemda Nordic Innovatheque i Dale, forfattar Olaug Nilsen og multikunstnar Oddvar Torsheim. Ein må synne fram samtidsmusikk, design, moderne

industri, moderne landbruk og filmfestivalar. Det held ikkje med bunad, fele og fjordingar.

- Du er snart ferdig utdanna veterinær. Vil du heim igjen?

- Ikkje i første omgang. Men eg meiner faktisk at det i Sogn og Fjordane finst takhøgde og mykje initiativ, nyskaping og spanande folk. Flyttar eg heim ein gong, er det nok for å skrive eller bli bonde og ha stort hønsehus i hagen, svarar Anne Viken.

"Fylket treng ambassadørar som kommuniserer med samtida"

Notis

Rapp i skuletida

Haugesundselevane fekk ei noko annleis nynorskundervisning då dei fekk besøk av rappartistane i Side Brok. Grappa har gjeve ut 3 album og dei brukar gjennomgåande nynorsk. No reiser dei rundt på Vestlandet for å synleggjere at det går an å lage musikk utan å bruke engelsk eller riksmål, kan Haugesunds avis fortelje. Ifølgje avisa var elevane svært nøgde, både med musikken og med den alternative undervisninga.



Ti år på nett

MAGASINETT

- for deg som meiner noko

SØK I MAGASINETT:

ARTIKLAR

Rundtur på Mars
SMS-konkurranse
Bokdag med boksekk
Forfattarpraten: Rune Belsvik
Forfattarpraten: Lars Ove Seljestad

SYNSINGAR

Ope brev til dei kriminelle
Ei uskyldig blokk med gule post-it-lappar
Tidstjuven
Kva skal ein bli når ein blir stor?
Ny folkevandringstid i Noreg

MELDINGAR

Bok: Mellom oss sagt
Lesestafett
Alt jeg ser er sagt av Marit Reiersgård
Bredesen
Alkymisten av Paulo Coelho
Skal kåra beste ungdomsbok

Me jubilerer!

10 ÅR!

Dette året er det 10 år sidan Magasinett starta opp. Det vil me sjølvsagt feire og markere på forskjellig vis.

[les meir](#)

SMS-konkurranse



Vi varmar opp med ein SMS-dikt-konkurranse. Her kan du vinne nokre kroner eller nokre bøker. Premissane for konkurransen er...

[les meir](#)

Rundtur på Mars



1 400 bilete frå Mars er blitt sett saman slik at du kan ta deg ein 360 grader rundtur på den raude planeten.

[les meir](#)

Ope brev til dei kriminelle



Dette er eit ope brev til alle kriminelle i Noregs land. Korleis kom du i det heile på tanken om å bli kriminell?

[les meir](#)

Bok: Mellom oss sagt



«Mellom oss sagt» er ei historie om ei kvinne som prøver å finne seg til rette i livet både i forhold til venner, familie og jobb. Men det skal vise seg å vere alt anna enn enkelt, sjølv for ei kvinne som er langt over tretti.

[les meir](#)

Forfattarpraten: Rune Belsvik

Rune Belsvik har skrive om verdas mest forelska par. Har han gode råd til deg?

[les meir](#)



PANELET



ARE KALVØ DENNE VEKA



SKRIVEKLØE

Den einaste reine nynorsknettstaden for ungdom, Magasinett, fyller 10 år. Redaktør Toyni Tobekk er stolt når ein å kunne tilby ungdom ein reklamefri nettstad der innhald og spaltistar er i sentrum.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

- Det er viktig for Magasinett ikkje å ha reklame, understrekar Tobekk. I ei medieverd der ein blir bombardert med visuelle inntrykk treng ungdom ein stad der innhaldet er i fokus.

GODE SPALTISTAR

Magasinett freistar heller med gode namn og har alltid hatt spennande folk på laget. Are Kalvø, Ragnar Hovland, Linda Eide, Ragnfrid Trohaug, Frode Grytten og Lars Mæhle er mellom dei som har vore faste spaltistar i Magasinett i løpet av dei 10 åra nettstaden har eksistert.

EKSKLUSIVE TEKSTAR

Magasinett er og ein stad der ein kan finna stoff som ein ikkje finn andre stader. - Det som forfattarane har skrive på Magasinett er stort sett eksklusivt for nettstaden, seier Tobekk. - Vi veit og at mange lærarar og skuleelevar ofte strevar med å finna gode nynorske tekstar. Hjå oss finn dei materiell som også kan nyttast i undervisningssamanheng.

SKRIVETEVLING

Magasinett vil markera 10-års jubileet utover året. I den samanheng vil dei i samarbeid med nynorsksenteret i Volda gje ut ei lærarrettleiing. I tillegg blir



Ti år på nettet er verd ei feiring, meiner redaktør for Magasinett, Toyni Tobekk. (Foto: Jan Nordtveit / Norsk Plan)

det skrivetevlingar og lesestafett. Toyni Tobekk oppmodar alle om å følgja med på nettstaden framover og delta på dei aktivitetane som blir annonserte der.

SKRIVANDE UNGDOM

Å overleva som reklamefri nettstad i 10 år er eit kvalitetsstempel og Tobekk ser lyst på framtida for jubilaranten. Ho understrekar at Magasinett vil satsa enda meir på skrivande ungdom, og at sida skal bli meir interaktiv. - Me vil gjerne ha innspel frå ungdom om kva dei ynskjer meir av og om det er noko dei vil melda sjølve, avsluttar redaktøren.

Notis

Heidirar Kenneth Sivertsen

Dei nynorske festspela vil i år opne med ein konsert med musikken til den nyss avlidne multikunstnaren Kenneth Sivertsen. Sivertsen haldt mange konsertar under fjorårets festspel, no vil festspela vere med og formidle kunsten hans vidare, fortel programansvarleg Åshild Widerøe.

45 av arrangementa under dei nynorske festspela vil samle seg kring temaet "sjølvtilitt". - Vi har valt sjølvtilitt som tema fordi vi unner barn og unge all den språklege sjølvtilitten dei kan få. Å styrkje sjølvtilitten og eigenidentiteten til nynorskbrukarane er eitt av måla for alt vi gjer, seier direktør Ottar Grepstad.

Tre hundreårsmarkeringar blir det og rom for. Forfattarane Rasmus Løland, Haldis Moren Vesaa og Per Sivle vil bli gjenstand for merksemd på kvar sine vis.

71.000 «ubrukne» årsverk i offentleg sektor

(NPK): Ei ny undersøking frå Fagforbundet viser at offentleg sektor vil få 71.000 nye årsverk dersom alle som i dag jobbar deltid, får arbeide fulltid i staden.

Ifølgje tala kan 71.280 årsverk takast i bruk straks dersom dei tilsette for fulltidsjobb i staden for at dei blir pressa til å jobbe deltid.

-Gi alle som går i ufrivillig deltidsjobb ei full stilling, så har du tusenvis av nye årsverk i offentleg sektor, seier første nestleiar Gerd Kristiansen i Fagforbundet til Dagsavisen.

Ho meiner det er eit paradoks at ein i fullt alvor snakkar om å importere arbeidskraft til offentleg sektor når det er så stor unnytta kapasitet der frå før.

Fagforbundet reknar ikkje med at alle som har deltidsjobb, ønskjer å jobbe i full stilling.

- Men om halvparten ønskjer det, så har vi likevel over 30.000 nye årsverk, og problemet er langt på veg løyst, meiner Kristiansen. (NPK)

ABC
Startsida

Vel www.startsida.no som di nye startside. Meir info her:

www.startsida.no/egen

Inga hast med e-valg



Det er enno lenge att før digitale val er ein naturleg del av demokratiet. (Illustrasjonsfoto: Bas van de Wiel)

Det digitale kommunevalet er meir enn eit museklikk unna. Kommunal- og Regionaldepartementet har ingen konkrete planar om å opna for elektronisk stemmegjeving i Noreg.

MARIE HAUGE

Estland har avvikla verdas første parlamentsval på nett. Fleire land, blant dei Danmark, vurderer å følgja etter. I Noreg har Kommunalminister Åslaug Haga, som også innehar tittelen Valminister, det ikkje travelt med å innføra nettbaserte val.

SKAL VERA HEMMELEG

- I denne saka har vi sagt at vi skal skunda oss langsamt, seier statssekretær Dag-Henrik Sandbakken i Kommunal- og Regionaldepartementet.

Statssekretæren har fleire argument mot e-valg, men hovudinnvinginga er at denne typen stemmegjeving kan rokka ved prinsippet om hemmeleg val. Når røystinga skjer utanfor dei ordinære vallokala er det ein risiko for at veljaren kan verta utsett for utilbørleg press.

- Vi manglar gode løysingar for korleis vi kan sikra at kvar einskild veljar avgjev si stemme åleine, og ikkje vert utsett for utidig innblanding frå andre, seier statssekretæren.

BEVARA TILLITEN

Slik røystegjevinga skjer i dag, skal det tungtvegande grunnar til for at nokon får ha følgje med seg inn i røysteavlukket. Funksjonshemma personar kan få med seg ein assistent, men då skal det også vera ein funksjonær til stades i avlukket.

- Verdien av hemmelege val er stor. For Kommunaldepartementet er det aller viktigast å bevare tilliten til valordninga, sier Sandbakken.

Departementet har merka seg at e-val alt er ein realitet i Estland, og statssekretær Sandbakken seier at departementet nøyte følgjer utviklinga av nettbaserte val utanlands.

PRØVEORDNINGAR

Ei fersk undersøking syner at eit fleirtal av norske veljarar kan tenkja seg å røysta via sms og internett. Førebels må dei nøya seg med å klikka si stemme ved ikkje bindande val. Statssekretæren fortel at departementet kjem til å køyra forsøk med elektronisk stemmegjeving ved skuleval og rådgjevande folkeavrøystingar i kommunane.

- Vi har ikkje sagt nei til e-val, men går forsiktig fram. Kan henda vil framtida bringa løysingar på dei problema vi no står overfor, seier statssekretæren.

FAKTA

Aardal-utvalet har utarbeidd ein rapport om elektronisk stemmegjeving for Kommunal- og regionaldepartementet.

Minus

Elektronisk stemmegjeving kjem i strid med prinsippet om hemmeleg røysting.

Elektronisk røysting vil heller ikkje gje økonomiske innsparingar på kort sikt.

Det kan opne for kjøp og sal av stemmer.

Høgtida ved val vert delvis borte.

Pluss

Det vert enklare og mindre kostnadskrevjande for veljarane å utøva sine demokratiske rettar.

For unge, funksjonshemma og folk i distrikta vert det lettare å røysta.

Bussar rundt til veljarane

Tilhengjarane av e-val hev- dar valdeltakinga vil auka dersom veljarane får gje si stemme digitalt. Førebels leitar Kommunaldepartementet alle andre stader enn på nettet for å lokka heimel- sitjarane til urnene.

MARIE HAUGE

Valminister Åslaug Haga har sendt brev til samtlege kommunar, og bede dei tenkja kreativt for å få sofaveljarane til å bruka røysta si.

- Det bør verta lettare å få føre- handsstemma. Sørvistorga kan utvida opningstidene og ha laurdagsope i tida før valet. Andre offentlege institusjonar kan også tilby førehandsrøysting, seier

statssekretær Dag-Henrik Sandbakken i Kommunal- og Regionaldepartementet. Han fortel om ein kommune som køyrde valbuss rundt til dei røysteføre, og legg til at nytenking av denne typen kan auka valdeltakinga.

- Staten kan leggja til rette, men par- tia spelar også ei rolle. Det er sjølvsagt politikken som er det viktigaste under valet, seier Sandbakken.

Kommunaldepartementet har gjeve pengestøtte til ein del organisasjonar som skal jobba med å få fleire til valurnene. Mellom anna vert det arbeidd for å auka valdeltakinga i innvandrar miljø.

Kommunenytt frå ABC Startside

ABC Startside (www.startside.no) har som mål å vere eit lokomotiv for nynorsk-satsinga på Internett. Som eit ledd i denne satsinga, har dei for tida to prosjekt gånge: Ei eiga nynorsk startside for kommunalt tilsette, samt eit samarbeidsprosjekt kring kategorien Skule og utdanning.

KARI MATHILDE HESTAD

Kommunesida er ei teneste som kommunalt tilsette vil ha stor praktisk nytte av. Sida består av ei omfattande lenkjesamling spesialtilpassa kommune-Noreg, inndelt i dei fem hovudsektorane Administrasjon, Helse og sosial, Skule og oppvekst, Tekniske tenester og Kultur og idrett. Slik skal det vere enkelt for den tilsette å finne alt han eller ho skulle trenge av offentleg informasjon, som til dømes lenkjer til statlege og offentlege nett-tenester, departement, direktorat, etatar og organisasjonar.

På hovudsida finn du også presentert siste nytt frå Kommunal Rapport, Kommunenes Sentralforbund og Noreg.no.

SKULE OG UTDANNING

Arbeidet med kommunesida skjer i samarbeid med fleire ressurspersonar i kommune-Noreg, som gjev tilbakemeldingar og tips. Tenesta er ikkje ferdig utvikla, men blir kontinuerleg forbetra med hjelp av ressurspersonane.

Kommunesida finn du plassert under kategorien Samfunn og politikk/offentleg informasjon/fylker og kommuner, og har url-en http://www.startside.no/samfunn_og_politikk/offentlig_informasjon/fylker_og_kommuner/kommunesiden/

Startside.no arbeider også med å utvikle kategorien Skule og utdanning. (http://www.startside.no/skole_og_uttanning/) Fagpersonar innan utdanningssektoren i Sogn og Fjordane er involverte i dette arbeidet. Lenkjesamlinga skal utviklast slik at kategorien blir den beste innfallsporten innanfor utdanningssegmentet for elevar, studentar, lærarar og føresette. Denne tenesta er framleis i utvikling.



Ei eiga side for folk som jobbar i kommunen eller som er opptekne av kommunale saker.

DEI SISTE TI ÅRA HAR VI HAUSTA MEST OG ETE MINST!

Dei fleste av kundane våre lever nøkternt i kvardagen. Derfor er det viktig at pensjonsleverandøren et minst mogleg av pengane som skal sparast til framtidige pensjonar. KLP kan dei siste ti åra vise til:

- dei lågaste administrasjonskostnadene i bransjen
- ingen utgifter for kundane til leige av eigenkapital
- høgast verdijustert avkastning

Fleire kommunar har derfor tapt millonar på ikkje å ha pensjonsordninga si i KLP. Er du oppteken av økonomi, vel du den leverandøren som gir deg god avkastning, og som et minst av pengane dine.

www.klp.no



Kakhus - Foto: Getty/Karen Beard/Kevin Sumner

Windows XP på nynorsk

Språkbevisste databrukarrar ønskjer gjerne å bruke morsmålet, også på pc'n. No finst Windows XP i nynorsk brukargrensesnitt.


TOYNI TOBEKK

Programvare som Microsoft Office og nettlesarar som Internet Explorer og Firefox har vore tilgjengelege på nynorsk ei stund. Med nynorsk XP kjem ein etter kvart ganske nærme ein fullstendig nynorsk pc-kvardag.

ALT DU SER

Før ein gir seg i kast med å endre språket, kan det kanskje vere greitt å forklare omgrepet brukargrensesnitt: Alt det du ser på skjermen din er brukargrensesnittet til operativsystemet ditt og dei programma du nyttar. (Kjelde: Teknofil).

Brukar du Windows XP som operativsystem, kan du altså no få dette systemet til å bruke nynorsk som språk.



VEVKJERRING

I praksis betyr det du no har Mine dokument, Mi datamaskin og Papirkorg på skrivebordet, der du før hadde Mine dokumenter, Min datamaskin og Papirkurv. Det same går att vidare innover i systemet via startmenyen. Til og med spela som følgjer med har fått nye namn, slik at i staden for å spele Edderkoppkabal kan ein no sysselsetje seg med Vevkjerringkabal.

For å finne detaljar om nynorsk brukargrensesnitt, sjå microsoft.com eller lnk.no.

Med nynorsk XP kan du "kopier frå datamaskina" eller spele "Vevkjerringkabal".

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemdar kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.


 FAGFORBUNDET



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no



Tradisjon – og fornying



HOTELL
HORDAHEIMEN




Hotell Hordaheimen gir alle medlemmer av LNK og deira tilsette eit hotellopphald i Bergen til ein pris som tåler samanlikning.

Sei du representerer ein LNK-kommune når du bestiller. Prisen (enkeltrom) er kr 650 på vekedagar og kr 540 i helga.

C. Sundtsgt. 18
5004 Bergen
Tlf.: 55 33 50 00
Faks: 55 23 49 50

E-post: info@hordaheimen.hl.no

www.hordaheimen.hl.no



Årets flottaste anlegg, utsiktsrampa ved Stegastein på Aurlandsfjellet. (Foto: Vegard Moen, frilans, NPK)

(NPK): Utsiktspunktet Stegastein på Aurlandsfjellet er utnemnt til «Årets anlegg 2006», melder vegvesen.no.

AV NYNORSK PRESSEKONTOR, NPK

Den originale «rampa» med utsikt mot Nærøyfjorden og Aurland/Flåm gjekk

til topps i skarp konkurranse med E39 Lyngdal - Flekkefjord og overføringa Slettedalselva - Saudautbyggjinga.

I grunngevinga frå juryen heiter det at vinnaren både er tradisjonell og spesiell, og framhevar norsk natur og norsk oppleving på ein framifrå måte. Arkitekturen og utføringa er dristig med fin bruk av ulike materialar, og med ein kvalitet som er synleg for alle.

VIKTIG PRIS

Årets Anlegg er ein av dei viktigaste prisane i byggenæringa og blir delt ut kvart år saman med prisen Årets Bygg, av fagbladet Byggeindustrien.

Utmerkingane vart delte ut under årets ByggeGalla som gjekk av stabelen nyleg. Alle bygg og anlegg i heile landet kan bli nominert til prisane.

NASJONAL TURISTVEG

Utsiktspunktet Stegastein på Aurlandsfjellet er ein del av det nasjonale turistvegprosjektet, og ligg mellom Aurland og Lærdal langs fylkesveg 243. Sjølve prosjektet er ei utsiktsrampe bygt i stål og limtre og som er utført under heilt spesielle tilhøve. Stegastein vart offisielt opna i juni i fjor av samferdselsminister Liv Signe Navarsete. (NPK)

Veks til himmels

For første gong i historia produserer og kopierer me meir digital data enn det finst lagringskapasitet til i heile verda. Mengda digital informasjon me forbruker vil seksdoble seg innan tre år.

TOYNI TOBEKK

Ein rapport utarbeidd for IT-selskapet EMC syner at det i 2010 vil bli produsert digital informasjon som svarar til 72 stablar av den siste Harry Potter-boka frå



jorda til sola, viss ein hadde valt å lagre den same informasjonen på papir.

Forklart i byte ser reknestykket slik ut: I 2006 vart det oppretta, henta fram og reproduisert 161 milliardar gigabyte digital informasjon.

Ei seksdobling fram til 2010 blir til 998 milliardar gigabyte, eller 988 exabyte som det og heiter. Eller 0,98 zettabyte.

Med anslåtte 1,5 milliardar internettbrukarar om tre år står versamfunnet overfor store utfordringar når det gjeld digital lagringskapasitet, hevdar EMC.

ABC
Startsida

Over 600.000
unike brukarar
kvar einaste dag!

Noregs einaste
nynorske startside

www.startsida.no

HARAM



– Ei lukke at fisken forsvann

Då fisken blei borte frå fjordane på Vestlandet mot slutten av 1800-talet, måtte sunnmøringane tenke nytt. Snart blomstra ein moderne skipsindustri, fortel skipsverftshistorikar Rolv Rørhus.

SIGBJØRN HØIDALEN

– Dei måtte utom øyane på store djup for å få fisk. Der var det tungt å hale opp garn, og av gamle bilete ser me at mange drog på seg brokk. Dei fekk ein veldig driv til å finne ut korleis gjere ting enklare, forklarar Rolv Rørhus i Brattvåg.

Ei næring tufta på handemakt, overtru og jag etter vind stod for fall. Rundt år 1900 kom petroleumsmotoren for fullt. Ein teknisk pioner i denne tida var Nils N. Finnøy frå Finnøya, rett nord for kommunegrensa til Haram.

– Nils N. Finnøy laga eit garn- og linespel med utveksling, som fekk medalje under verdsutstillinga i Paris i 1900. Vidare starta han Nils N. Finnøy Motorfabrik, som blei ein spire for mange liknande verksemder rundt om i fylket, fortel Rørhus.

Rundt midten av 1950-talet kom den neste tekniske revolusjonen, då trebåtar blei erstatta med båtar bygd i stål.

– Her var John Longva ein framfot. Han var den første som monterte fryseri om bord i båten, og folk i bygda lo. Men då han kom heim frå Island med nedfrosen kveite og



fekk mykje betre pris, ville alle ha fryseri.

Under ein tur til Grønland fekk Longva sjå ein engelsk hekktrålar.

– Han tok idéen med seg heim og fekk i 1962 bygd ein liknande båt hos Liaaen i Ålesund. Hekktrålarane blei ein viktig forløpar til oljebåtane i off-shore-bransjen, der skipsverft på Vestlandet, og særleg her på Sunnmøre, i dag ligg heilt i teten, meiner Rørhus.

– Korleis hamna sunnmøringane i front i den moderne og svært så avanserte skipsindustrien?

– For mange var sjøen einaste ferdelsåra, og dei hadde mykje å tene på å gjere fisket lettare. For å skjønne industrieventyret, trur eg det er viktig å peike på at sunnmøringane er veldig pragmatiske. Små verksemder kan både konkurrere og samarbeide, alt etter som det høver. Gudstru og nøysemd har nok òg spela inn, trur historikaren.

Til og med misunninga meiner han kan ha gitt utviklinga ein skuv. Alle ville ha ein båt som var litt betre enn den til naboen.

– Så må me ikkje gløyme at folk på Sunnmøre ikkje så mykje var delt i sosiale klasser. Folk stod på like fot, og det blei eit veldig tett samspel mellom fiskarar, skipsreiarar, skipsbyggerar, utstyrsprodusentar, designarar og finansfolk. Som designar Magne Reite ved Søviknes Verft sa til meg: "Når fiskarane kom og forstyrta oss, det var då me fekk nye idéar".

Rolv Rørhus har skrive historia til både Søviknes Verft og Brattvaag Skipsverft, i dag Aker Yards, bae heimehøyrande i Haram kommune. (Foto: Sigbjørn Høidalen)



Den 11. november i år feirar Brattvåg 96 år. Her ser me 96-åringen med skipsverftet Aker Yards i forgrunnen. (Foto: Sigbjørn Høidalen)

Bygdesenteret med eigen bursdag

Brattvåg, kommunesenteret i Haram, er som namnet seier ei brattlendt bukt. For 100 år sidan var det ikkje eit einaste hus her.

– Den første bureisinga i Brattvåg blei kontraktfesta den 11.11.1911. Den dagen blir feira kvart år her, fortel redaktør Hjørdis Kristine Skaar i lokalavisa Haramsnytt.

Det første huset, der det flytta inn folk 17. mars 1912, står like ved redaksjonslokalet til avisa. Dei første som busette seg var mann, kone og ein unge som kom roande søraustover frå Hildrestranda.

FAKTA



Kommunen sitt motto:

"Haram skal vere den leiande maritime industrikommunen i Noreg."

Kommunen ligg ute ved kysten i nordvestre hjørne av Sunnmøre, like nord for Ålesund. Den hadde ved årsskiftet 8.606 innbyggjarar. Etter siste endring av kommunegrensa, i 1965, budde det 8.140 personar i Haram.

Haram har 6 kyrkjer og 12 skulekretsar.

Om lag halve arbeidsstokken er tilsett i industrien, med heile verda som marknad. Sentrale verksemder er Rolls-Royce Marine, Aker Yards, Brattvåg Elektro, MøreNot og Nogva Motorfabrikk.

Fordeling av representantar i kommunestyret (totalt 37):

Arbeidarpartiet:.....	5
Framstegspartiet:.....	5
Høgre:.....	6
Kristeleg Folkeparti:.....	3
Senterpartiet:.....	8
Sosialistisk Venstreparti:.....	2
Uavhengig Valliste for Haram:.....	6
Venstre:.....	2

Ordfører:.....	Oddbjørn Vatne (Sp)
Varaordfører:	Torleif Rogne (Uavhengig Valliste)
Rådmann:.....	Jan Petter Eide

HARAM



Suksess med hyperhus

Haram ønskjer ikkje berre å stå fram som ein maritim industrikommune. Etter å ha bygd to store fleirbruks- hus på kort tid, blei den i fjor kåra til å vere Møre og Romsdal sin kulturkommu- ne nummer ein.

SIGBJØRN HØIDALEN

Haram selde seg i si tid ut av eit energi- verk og satsa pengane på børs. Det har svara seg og gitt handlingsrom.

- Dei siste par åra har kommunen bruka 58 millionar kroner på kultur medan lokalt næringsliv har skøyt til nær 27 millionar, fortel ein stolt ordførar Oddbjørn Vatne.

Det tidlegare kommunesenteret Vatne har fått ein kombinert kultur- og idrettshall. Brattvåg, kommunesente- ret i dag, fekk i fjor eit hyperhus som romar både sjukeheim med 50 plassar, 24 omsorgsbustader, Prix-butikk, kafé, næringsareal, storsal med rulleamfi, kino og ungdomsarena.

Redaktør Hjørdis Kristine Skaar i lokalavisa Haramsnytt er stadig innom nybygget i Brattvåg:

- Eg er veldig begeistra for dette huset. Det har ført til at kulturlivet i kommunen har blomstra enormt opp, seier ho.

- Dei som bur i omsorgsbustadene kan gå i tøflar når dei skal ned å handle. Så kan dei ta ein kaffikopp, prate med kjente og sjå på livet.

INGEBRIGT DAVIK-HUSET

Bygningen har 2.250 kvadratmeter fordelt på fire etasjar. Kulturdelen er i kjellaren og er døypt Ingebrigt Davik- huset, etter barnetimeonkelen frå Fjør- toft som på 1960- og 1970-talet song og fortalde så spanande om Flyndre-Fanten og Krabbe-Krølle i Taremareby.

I eit rom held ungdomar på å øve inn dansetrinn til ei musikaloppsetting. I storsalen har det nystifta Haram revylag helgeøving då LNK-avisa er innom.

- Me har prata i fleire år om å starte eit revylag, men fekk vel ein ekstra puff då kulturhuset opna i fjor, innrømmer pr-sjef i laget Gunhild Skaaden.

Laurdag 24. mars har dei sett premi- eredatoen for "Nesten alt for Haram", den første lokalrevyen i Haram på fleire



Skulstad-Skvetten (alias Janita Farstad) og Ullstad-Besten (alias revysjef Rune Aleksander Nedrevold), to figurar som i løpet av "Nesten alt for Haram" vil inn og varme seg i det nye Ingebrigt Davik-buset. (Foto: Sigbjørn Høidalen)



Med bandel, omsorg og kultur fordelt på tre etasjar har fleirbruksbuset i Brattvåg blitt det nye samlingspunktet i Haram. (Sigbjørn Høidalen)

år. - Kan du røpe nokre av innslaga? - Kommuneadministrasjonen får sitt. Straumsparing er eit anna emne. Når prosessanlegget for gass om kort tid startar opp på Aukra, blir det lite straum igjen til oss hine, har me høyr, røpar Skaaden.

Språkvanskar i møtet med polske framandarbeidarar blir òg omhandla. For tida skal det vere rundt 1.000 aust- europearar i Haram, på arbeid i skips- industrien, blir det sagt. Det har blant anna gitt ein boom for dei som kan by fram husrom.

FULLT HUS

Med god støtte frå det lokale næringsli- vet har revylaget leigd inn som instruk- tør Astrid Overaa frå Teaterfabrikken i Ålesund. Dei satsar profit.

Men pr-sjef Skaaden har ein enkel jobb denne gongen.

- Me hadde berre tenkt å spele ei førestilling. Den blei utseld ein månad på førehand, fortel ho.

Rulleamfiet med 310 sitteplassar er fylt til randa på premiera.

- Me må kanskje sette opp ei førestil- ling til, ja, meiner pr-sjefen.

ABC
Startsida

Vel www.startsida.no som di nye startside. Meir info her:

www.startsida.no/egen

HARAM

*High-tech*

-jobbar i havgapet

Off-shore-næringa går så det griner. Rolls-Royce Marine på Longva lagar dei elektriske nervetrådane som gjer at skipa kjem trygt fram og tilbake over verdshava.

SIGBJØRN HØIDALEN

For å komme til Rolls-Royce si avdeling på Longva må me ta Fjord1-ferja Tingvoll frå Skjeltene til Haramsøya. Der går vegen vidare om lag fem kilometer nordover før den gjer ein skarp sving mot aust og held fram over brua til Flemsøy. På utsida hamrar Norskehavet mot fjøresteinane. På innsida av Flemsøy nedover mot Longva ligg vintergule fiskarbondbeoar i ei stripe under fjellet Skulen. Her, i ein grå murbygning nede i sjøkanten, jobbar 185 personar med å lage høgteknologiske styresystem for båtar.

– Kundane våre er skipsverft verda over. Etter å ha reist mykje rundt tør eg sei at me innanfor vårt felt er i verdsklasse, slår produksjonssjef Asbjørn Rogne fast.

PNEUMATISK PEILING

Verksemda blei etablert i 1960 då ein lokal gründer fann opp korleis peile væsknivået i store tankar ved hjelp av lufttrykk. I 1983 blei den kjøpt opp av Ulstein og i 1999 av giganten Rolls-Royce.

– Rolls-Royce kan levere alt av skipsutstyr og har difor ein særskilt sterk posisjon i marknaden. Bare her i Haram har dei tre avdelingar. På Longva er me spesialistar på elektroniske automasjons- og kontrollsystem, som har å gjere med å styre og samkøyre motorar, propellar, gir, vinsj, ror og anna utstyr på ein båt. Me koplur signaltrådane saman i konsoll- og bruarrangement, forklarar Rogne.

Moderne båtar hentar informasjon om geografisk posisjon frå satellittar, medan diverse sensorar registrerer vind og avstanden til havets botn. Opplysningane blir baka inn i systema slik at båtane skal kunne pløye sjømil etter sjømil gjennom blåmyra med ein halv til ein meters nøyaktigheit. Å ha eit avansert styringsopplegg er eit krav for til dømes supplybåtar som går tett inntil boreplattformer.

REKRUTTERINGA

– Me har fulle ordrebøker til 2009, og me må snart tilsette fleire folk. Det er ei utfordring. Det er ein enorm kamp om arbeidskrafta her på Sunnmøre, innrømmer produksjonssjefen.

Verksemda har nylig tatt inn rundt ti polske fagfolk og har oppretta ei utviklingsavdeling med rundt ti mann i Ålesund. Den pleier elles eit nært samarbeid med skulane i kommunen, ikkje minst Haram vidaregåande skule som har brennaktuelle liner som Elektromekaniske fag og Teknisk og industriell



Høgteknologi i verdsklasse: Produksjonssjef Asbjørn Rogne syner fram noko av det Rolls-Royce lagar på Longva; eit integrert automasjonssystem for båtar. (Foto: Sigbjørn Høidalen)



I 1970 kom brua som bind Haramsøy og Flemsøy, med i alt snautt 1.500 innbyggjarar, saman. I 2015 er Nordøyvegen venta å stå ferdig, som gjev desse to og tre andre øyar brusamband til fastlandet. (Foto: Sigbjørn Høidalen)

produksjon. Skulen kan òg tilby Haramspesialiteten Tekniske og allmenne fag.

– Me treng alt frå ufaglærte montørar til doktoringeniørar og sivilingeniørar. Nokre ser nok ei ulempe i å flytte ut til ei øy, der det til saman på Flemsøy og Haramsøya bur snautt 1.500 innbyggjarar. Difor har me forhåpningar til Nordøyvegen, som er planlagt å stå ferdig i 2015, fortel Rogne.

Nordøyvegen skal gi brusamband til fastlandet for seks øyar i Haram og Sandøy kommunar. Vegen er kostnadsrekna til 1,4 milliardar kroner, der lokalt næringsliv og andre lokale krefter vil legge heile 900 millionar kroner i potten, i følgje Sandøyportalen.

Asbjørn Rogne sjølv er utdanna jordskiftedommar, men har alltid vore teknisk interessert, som han seier. I 1998 flytta han heim til Longva og starta som programmerar i den avanserte skipsutstyrsverksemda.

I ettermiddag skal han ut ein tur med båten for å fiske, røpar han; ein øybuar sitt privilegium. Rogne har noko av fiskarbonden i seg, må vite. Ei yrkesgruppe som må lite på teknisk innsikt og kva havet kan gi.

Fann sunnmøringane sitt skattkammer

På Flemsøy står ei støtte over journalisten, sosialisten og språkstreveren Olaus Johannes Fjortoft (1847-1878), som var fødd her. Mindre kjent utanom Haram er Tomas Longva, som òg har fått ei støtte på øya. På den står det: "Tomas Longva (1589-1681). Fant Storegga i 1630-åra — sunnmøringane sitt skattkammer."

Storegga er ein kant utanfor mørekysten der kontinentalsokkelen stupar fleire hundre meter mot avgrunnen. Her er eit særlig rikt fiske, som altså Tomas Longva oppdaga for snart 400 år sidan.

For kring 8.100 år sidan skal det ha gått eit gigantisk ras frå Storegga, som trulig utløyste den største tsunamien i nord-Europa etter istida. Faren for nye ras har blitt grundig saumfart i samband med Ormen Lange-utbygginga.





«...Dei middelaldrande kulturmenneska har adresse Oslo 2 eller 3, solid inntekt, liberale og tolerante haldningar, og bokhyllene fulle av vesentlege litterære verk, alternativt lesestoff, og bøker med rosa omslag og titlar som «Femi, frodig, fresk, flott, frimodig og førti», «Bare du er du», «Les deg inn i ditt eget selvbilde» «Psykisk massasje for nybegyn- nere» og «Yoga i heimen».

Dei middelaldrande kulturmenneska har for mykje pengar og for mykje fritid. Derfor viser dei stor interesse for det alternative; slikt som japansk punktmassasje, tibetanske urtekurar eller workshops der dei betaler 1 500 kroner for å høyre ein person med rar tittel og svevande formuleringar fortelje dei at dei skal kjenne på fargane inni seg...»

«Absolutt Oslo»
Det Norske Samlaget, Oslo 1994

Are Kalvø har gleda oss mange gonger med sine skarpe observasjonar og har like mange gonger tatt tak i fordome våre og fått oss til å sjå oss sjølve med nye auger. I tillegg er han ein aktiv nynorskbrukar og eit godt førebilete for alle oss som vil at nynorsk framleis skal vera eit levande språk.

Grunnlaget for danninga av språket vert lagt i ung alder. Ved å vera gode rollemodellar og bruke nynorsk som skriftspråk, greier vi kanskje å fostre nye, gode og medvitne språkmenneske som Are Kalvø.



- Pinleg og populistisk

(NPK): I høve hundreårsjubileet til sidemålsundervisninga har Unge Høgre lansert kampanjen «100 år er nok». – Kampanjen er eit populistisk og krampaktig åtak på sidemålet, og er dessutan full av feil, seier avtroppande leiar i Norsk Målungdom (NMU), Synnøve Midtbø Myking.

AV NYNORSK PRESSEKONTOR, NPK



- Eg vil mykje heller at sidemålsdebatten skal handle om kvalitet på undervisninga seier Synnøve Midtbø Myking. (Foto: Arne Sigurd Haugen, NPK,PK)

- Dei var òg i mot at alle skulle læra nynorsk i skulen, og det er dei framleis, seier Midtbø Myking.

YNSKJER DEBATT OM KVALITET

- Heller ikkje i dag klarar høgrefolk å tenkje framtidretta. I staden arbeider dei for å innføre fleirtalsdiktatur, der ein ikkje får høve til sjølv å velja kva språk ein vil skrive, held ho fram.

- Eg vil mykje heller at sidemålsdebatten skal handle om kvalitet på undervisninga. Kvifor vil ikkje Unge Høgre vera med i den diskusjonen?, spør Synnøve Midtbø Myking. (NPK)

Norsk Målungdom har hatt landsmøte 16. – 18. mars og har vedteke eit utspel mot kampanjen til Unge Høgre.

På kampanjesida til Unge Høgre kan ein lese at «I realiteten vil så godt som ingen bruke sidemålet sitt etter vidaregående.» Landsmøtet i NMU lurar på kva mellom anna hundretusenvis av statstilsette, lærarar og journalistar gjer då.

Eit anna poeng hjå Unge Høgre er at sidemålet kan fungere diskriminerande mot innvandrarar som ikkje har hatt sidemålsundervisning.

LOV OM MÅLBRUK

- Dette er feil, seier Synnøve Midtbø Myking. - Lov om målbruk i offentleg teneste slår fast at utanlandske statsborgarar er fritekne frå dette kravet, og forskriftene opnar for fritak slik at innvandrarar likevel kan få jobbar i staten. Dessutan er det diskriminerande momentet at visse grupper systematisk vert halde utanfor sidemålsundervisninga, slik at dei ikkje får høve til å fylle kompetansekrava, poengterer ho.

REAGERER

Landsmøtet i NMU reagerer på at Unge Høgre freistar å framstå som moderne og progressive med «100 år er nok».

- Ei liste med fakta om Noreg i 1907 skal få fram at sidemålsundervisninga er gammaldags, og at me i dag treng nye løysingar. På lista finn me avgrensa røysterett for kvinner, og landsmøtet i NMU vil minna om at Høgre sjølv var mot utviding av denne retten.

ABC
Startsida

Over 600.000
unike brukarar
kvar einaste dag!

Noregs einaste
nynorske startside

www.startsida.no

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag

24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

* 1 utitt pr. veka **Salgsp 1,0007

lokale nyhende frå stord fitjar tyneses bømlavath

Sunnhordland